


VERNEPLAN FOR
**KVANNDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE,
DYRAHEIO LANDSKAPSVERNOMRÅDE OG
HOLMAVASSÅNO BIOTOPVERNOMRÅDE**

i Suldal kommune, Rogaland



Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvern avdelingen

Foto til venstre: Bergjunker (*Saxifraga paniculata*)
Foto til høgre: Jordhytta i Grjotdalen

FORORD

Utarbeiding av ein verneplan med heimel i naturvern- og viltlova for heiområdet Setesdal-Ryfylke er eit oppdrag frå Miljøverndepartementet til Fylkesmennene i Agder-fylkene og Rogaland gitt i brev av 9.mars 1989. Verneplanen bygger på heiplanen for "Heiområdet Setesdal - Ryfylke" frå 1986 og er i samsvar med Fylkesplan for naturvern 1992-95, Rogaland fylkeskommune og St.meld. nr. 62 (1991-1992) "Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge".

Sommaren 1991 satte Fylkesmannen i Rogaland i gang arbeidet med verne- og forvaltningsplan for Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde. Fylkesmannen i Rogaland og Suldal kommune har vore samde om å følgje den framdrifta det er lagt opp til i *kommuneplanen 1986-1996* gjennom bandlegging av Kvanndalen og Dyraheio som landskapsvernområde og Holmavassåno som biotopvernområde i arealdelen.

Etter orienteringsmøte på Nesflaten juni 1991 blei det gjort grunneigarintervju sommaren 1991 for å kartlegge næringsinteressene innafor dei føreslegne landskapsvernområda, og for å supplera kunnskapane om natur- og kulturlandskapet og bruken av dette. Eit førebels utkast til verneforskrifter og forvaltningsplan blei sendt ut til alle grunneigarane for reaksjonar og kommentarar, og har vore diskutert i møte med grunneigarrepresentantane, kommunen og landbrukskontoret.

Denne verneplanen er utarbeidd av engasjert konsulent Tom Sørum i nært samarbeid med frilufts- og naturvernkonsulent Audun Steinnes og naturverninspektør Bjørn S. Berg. Ein vil takke grunneigarane for deira bidrag gjennom intervju, og grunneigarrepresentantane, kommunen og landbrukskontoret for godt samarbeid.

Stavanger april 1993

Sigmund Hatløy
Sigmund Hatløy
fylkesmiljøvernsjef

Bjørn S. Berg
Bjørn S. Berg
naturverninspektør

INNHOLD

FORORD	3
INNHOLD	4
1. SAMANDRAG.....	5
2. INNLEIING	7
3. HISTORIKK.....	10
4. OMTALE AV KVANNDALEN, DYRAHEIO OG HOLMAVASSÅNO.....	14
4.1. Geografisk plassering og eigedomstilhøve	14
4.2. Naturgrunnlaget	17
4.2.1. Geologi og landskap.....	17
4.2.2. Vegetasjon og flora.....	19
4.2.3. Fugle- og dyreliv	20
4.3. Kulturhistorie	22
4.4. Inngrep	28
4.5. Forureining	28
5. INTERESSER KNYTTA TIL OMRÅDA.....	30
5.1. Verneinteresser	30
5.1.1. Geologi og landskap.....	30
5.1.2. Vegetasjon og flora.....	31
5.1.3. Dyrelivet	32
5.1.4. Kulturminne og -landskap	32
5.2. Friluftslivsinteresser	33
5.3. Næringsmessige interesser	34
5.3.1. Jordbruk / skogbruk / beitebruk	34
5.3.2. Jakt / fiske / utmarksnæring.....	34
5.3.3. Gardsturisme / reiseliv	35
5.4. Utbyggingsinteresser	35
6. KONFLIKTAR OG KONSEKVENSAR AV VERN	36
6.1. Friluftsliv.....	36
6.2. Jordbruk / skogbruk / beitebruk	36
6.3. Jakt / fiske / utmarksnæring	37
6.4. Gardsturisme / reiseliv	37
6.5. Motorferdsel i utmark	38
7. FORSLAG TIL VERN AV OMRÅDA.....	39
7.1. Behovet for vern	39
7.2. Forslag til verneform	39
7.3. Forslag til avgrensning og soneinndeling.....	41
7.4. Forvaltning.....	44
7.5. Forvaltningsplan	45
7.6. Forholdet til tilgrensande område	45
8. LITTERATUR	47
9. VEDLEGG.....	50
Forslag til verneforskrift.....	51
Grensebeskriving.....	62
Kart	67
Registreringar gjort i området.....	69

1. SAMANDRAG

Utarbeiding av ein verneplan for Kvanndalen, Dyraheio og Holmavassåno er eit oppdrag frå Miljøverndepartementet gitt i brev av 9.mars 1989. Verneplanen bygger på heiplanen for "Heiområdet Setesdal - Ryfylke" frå 1986, og er i samsvar med Fylkesplan for naturvern 1992-95, Rogaland fylkeskommune, kommuneplanen for Suldal og St.meld. nr. 62 (1991-1992) "Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge".

Kap. 3, historikk, tek for seg Ryfylke-Setesdalsheiane si historie når det gjeld arbeidet med å få verna området, frå 1904 fram til i dag.

Kap. 4 omtaler naturgrunnlag og kulturminne i Kvanndalen, Dyraheio og Holmavassåno.

Kap. 5 tek for seg verneinteresser, friluftlivsinteresser, næringsmessige interesser og utbyggingsinteresser knytta til området.

Heiområdet er særprega ved at det er variert. Det viser overgangen frå kyst- og fjordnære fjellstrok til innlandsfjell. Dette avspeglar seg i geologien, vegetasjonen og dyrelivet.

Områda er godt egna som typeområde for sørvestleg fjellflora og rik fjellvegetasjon i indre Ryfylke / sørlege Vestlandet. Mange austlige og vestlige plantar har si grense for utbreiing i desse heiane. Bergjunker veks i Noreg berre frå Dyraheio til Vormedalsheia i Ryfylke og ved Sulitjelma i Nordland.

Kvanndalen og Dyraheio er spesielle ved at dei er del av det sørlegaste villreinområdet i Europa og eit av dei mest kystpåverka villreinområda på fastlandet i Noreg.

Dei kultur- og fornminnene som er att i Kvanndalen og Dyraheio er ekstra verdifulle fordi resten av området er så berørt av vasskraftutbygging. Kulturminne som bogastille og dyregravar dominarar i høgfjellet. I stølssona utgjer tufter av forskjellig slag over halvparten av kulturminna. Deretter følgjer hellerar og trekolkonsentrasjoner. Godt vedlikehaldne stølar er det mange av i området. Stølslandskapet og stølshusa utgjer eit miljø som har ein sentral plass i heia og landskapshistoria.

Beitebruk, vedhogst, jakt, fiske, friluftsliv og reiseliv er dei mest vanlege måtane å bruke heiane på i samband med både næring og fritid i dag. Nye aktivitetar i reiselivs- og landbruksnæringa, knytta til ei næringsmessig utnytting av utmarka og bygningar i heiane, kan bli viktig i tida framover.

Kap. 6 tek for seg konfliktar og konsekvensar av vern. Noverande drift av landbruksareala i landskapsvernombrådet kan halde fram dersom det ikkje bryt med verneføremålet. Det vil seie at dagens bruk kan helde fram, og at ny drift kan starte opp så lenge dei ikkje fører til inngrep som vesentleg endrar landskapet. Husdyrbeitning er ønskjeleg blant anna for at stølsområda ikkje skal gro att. Eit vern av landskapet vil som regel innebere ei sikring av grunnlaget for å utøve friluftsliv, men menneskeleg. Ferdsel kan kome i konflikt med naturvernomsyn. Omfattande ferdsel i samband med friluftsliv kan føre til uroing av dyrelivet og enkelte stader vegetasjonsslitasje.

Regulering av fersel kan vera naudsynt for å unngå uroing av viltet, t.d. dersom det hindrar reinen frå å trekke eller av omsyn til hekkande rovfugl. Men der ein ønskjer å regulera fersel bør ein i første omgang satse på kanalisering av fersla framfor forbod.

Landskapsvernet sikrar hovudtrekka i landskapet og såleis grunnlaget for dyrelivet. Vern av trekkvegar og eventuelle kalveområde for villreinen, vil medverke til å oppretthalde livsvilkåra til villreinstamma.

Kap.7 omhandlar forslag til vern av områda. Landskapsvernombåde er vern mot tiltak som "vesentlig kan endre landskapets art eller karakter". Dette er såleis eit mindre omfattande vern enn det som gjeld nasjonalparkar. Landskapsvernombepet stiller ikkje same krav om store område, urørt natur og statleg grunn. Landskapsvern er godt eigna til bruk i store naturområde der ein ikkje treng så strenge verneregular som i nasjonalparkar eller naturreservat. Det er ønskjeleg å behalde ein kulturpåverknad gjennom t.d. husdyrbeiting og hogst i området for å unngå tilgroing eller andre uønska endringer i landskapsbiletet. Såleis er jordbruk og skogbruk som tek rimeleg omsyn til landskapet, tillate i mange landskapsvernombåde. Landskapsvern etter § 5 i naturvernlova er vurdert som ei godt eigna og tilstrekkeleg form for vern av Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernombåde.

Når det gjeld bruk av biotopvern etter viltloven på trekkvegen ved Holmavassåno er dette i tråd med plan for "Heiområdet Setesdal - Ryfylke" frå 1986. Området er prega av to kraftliner, anleggsveg og to regulerte vatn, og eignar seg ikkje som landskapsvernombåde. Samstundes vil det vera uheldig om området, som ligg mellom dei to landskapsvernombåda, blir uten forskrift som kan forby eller regulere inngrep og uheldig fersel. Ein foreslår derfor at Holmavassåno trekkveg blir verna som biotopvernombåde.

2. INNLEIING

Sommaren 1991 starta Fylkesmannen i Rogaland opp arbeidet med verne- og forvaltningsplan for Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde. Fylkesmannen i Rogaland og Suldal kommune har vore enig om å følgje den framdrifta det er lagt opp til i *kommuneplanen 1986-1996* gjennom båndlegging av Kvanndalen og Dyraheio som landskapsvernområde og Holmavassåno som biotopvernområde i arealdelen. Det har vore lagt opp til ein brei medverknad under utarbeininga av verneforslaget, og det er halde fleire møte med grunneigarar og grunneigarrepresentantar. Utkast til verneforskrifter og forvaltningsplan er sendt ut til alle aktuelle grunneigarar.

I *Fylkesplan for naturvern 1992-95, Rogaland fylkeskommune*, er Kvanndalen, Dyraheio og Holmavassåno vist som, "områder som bør vurderes vernet i planperioden, som landskapsvernområder og biotopvernområde". Planen blei einstemmig vedtatt av fylkestinget 2.juni 1992.

I kongeleg resolusjon av 28.oktober 1988 til *fylkesplanen for Aust-Agder 1988-1991* står det: "Arbeidet med Naturvernrådets forslag om nasjonalpark i området Setesdal-Ryfylkeheiane (NOU 1986:13) vil bli behandlet som egen sak uten å vente på Stortingsmelding om nasjonalparkpolitikken. Arbeidet med retningslinjer for utnytting av randområdene som de tre berørte fylkeskommuner har satt i gang, er et viktig tiltak både i forhold til avgrensning og verneformål."

Miljøverndepartementet ga i samband med kongeleg resolusjon for *fylkesplanen for Vest-Agder* (1988-91) signal om at arbeidet med vern i heiområdet skulle først vidare av fylkesmennene i Agder-fylka og Rogaland med grunnlag i heiutgreiinga og nasjonalparkutgreiinga frå 1986 (jf. Planfagleg rådgjevingsgruppe 1986 og brev frå Miljøverndepartementet av 23. feb. 1989). Departementet har seinare stadfesta eit ønske om bruk av naturvernlova i kjerneområdet m.a. i brev av 9. mars 1989.

I *St.meld. nr. 62 (1991-92) "Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder*" står det (under kap. 9.3.2: Forslag under forberedelse, kap. 9.3.2.1: Rjuven): "Departementets merknad: Statens Naturvernråds forslag om nasjonalpark er til behandling i sammenheng med det pågående arbeid med en flerbruksplan for heiområdet Setesdal/Ryfylkeheiane. Miljøverndepartementet har i brev av 9.3.89 til fylkesmannen i Vest-Agder presisert at videreføringen av arbeidet med kjerneområdet som Rjuven er en del av, bør skje med sikte på vern etter naturvernloven, og at vernebehov i randområdene kan sikres etter plan- og bygningsloven".

Nasjonale mål for naturforvaltninga er nedfelt i *stortingsmelding nr. 46 (1988-89)* om Norges oppfølging av verdenskommisjonens rapport om Miljø og utvikling:

"Sikre en økologisk forsvarlig ressursutnyttelse, slik at naturens produktivitet og artsrikdom kan bevares for framtidige generasjoner.

Sikre eit representativt utsnitt av norsk natur ved fredning som nasjonalparker, naturreservater etc.

Styrke friluftslivet som en helse- og trivselsskapende fritidsaktivitet".

Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv, verdifulle stølsområde og beitelandskap og eldre og nyare kulturminne etter støling, heiebeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Føremålet med biotopvernombordet er å sikre viktige trekkvegar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen og Dyræhio landskapsvernombordet.

Saksgangen for verneforslaget

1. Direktoratet for naturforvaltning skal foreta ein formell kontroll av utkastet før høyringa.
2. Høyringa er delt i ei lokal og ei sentral høyring. Fylkesmannen vil sende verneplanutkastet til lokal høyring til grunneigarar og deira organisasjonar, brukarorganisasjonar, andre organisasjonar og selskap tiltaket vedkjem, fylkeslandbruksstyret, fylkesfriluftsnemnda, fylkeskonservatoren, fylkeskommunen, villreinnemnda, landbruksnemnda og kommunen.
3. Fylkesmannen vil samanstelle innkomne fråseigner i den lokale høyringa og oversende desse saman med verneplanutkastet til Direktoratet for naturforvaltning.
4. Direktoratet for naturforvaltning vil sende vernplanutkastet og samanstellinga av dei lokale fråsegnene til sentral høyring i organisasjonar og styresmakter på riksniivået.
5. Direktoratet for naturforvaltning vil samanstelle innkomne fråseigner i den sentrale høyringa og oversende desse saman med verneplanutkastet til Miljøverndepartementet.
6. Miljøverndepartementet foretar ei sluttvurdering og eventuelle naudsynte endringar i verneplanen.
7. Saka leggast fram for Kongen i statsråd med forslag til Kongeleg resolusjon.

Oppfølgjing / iverksetjing

8. For oppfølgjing av eit eventuelt vernevedtak gjeld m.a. § 19 i naturvernlova:

"Vedtak i medhold av kap. II og III og § 18 tredje ledd skal kunngjøres i Norsk lovtidend og i en eller flere aviser i distriktet. Vedtaket skal meddeles eieren og brukeren og vedkommende kommuner. Gjelder vedtaket en eller flere særskilt angitte eiendommer, skal det tinglyses på vedkommende eiendom. I andre tilfeller skal anmerkning om vedtaket etter krav av vedkommende departement noteres på grunnbokbladet for de eiendommer som antas i vesentlig grad å ville bli berørt av vedtaket."
9. Krav om erstatning må fremmest innan ett år etter vernevedtaket blei gjort kjent. Direktoratet for naturforvaltning kan forlenge denne fristen og kan også gje oppreising dersom krav kjem inn etter fristen. Blir partene ikkje einige om kva for erstatning som eventuelt skal gis blir spørsmålet avgjort ved rettsleg skjønn. Eit slikt skjønn må begjerast av staten seinast eit halvt år etter at nevnte frist har løpt ut.
10. For å utfylle verneplanen, kan fylkesmannen sørge for at det innafor rammene av vern, blir utarbeidd ein forvaltningsplan for verneområdet. Ein slik forvaltningsplan kan inngå som ein del av ein fleirbruksplan for heile heirområdet og bør m.a. omtale delegering av ansvar og styring til kommunen eventuelt andre offentlege organ. Kommunen og grunneigarorganisasjonane bør ha ei sentral rolle i dette arbeidet.
11. Fylkesmannen sender forvaltningsplanen til høyring til grunneigarorganisasjonar, brukarorganisasjonar, andre organisasjonar og selskap tiltaket vedkjem, fylkeslandbruksstyret, fylkesfriluftsnemnda, fylkeskonservatoren, fylkeskommunen, villreinnemnda, landbruksnemnda, friluftsnemnda, viltnemnda og kommunen.
12. Fylkesmannen gjer eventuelle naudsynte endringar og godkjenner forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen gir grunnlag for framtidig forvaltning og bruk av området.

3. HISTORIKK

Sidan hundreårsskiftet har ei rekke personar og grupper vore opptatt av å sikre samanhengande fjellområde utan store tekniske inngrep mellom Setesdal og Ryfylke. Professor Yngvar Nilsen var den første som foreslo nasjonalpark i området på generalforsamlinga til Den norske turistforeining i 1904.

For å skipe ein villreinpark i området kjøpte Thv. Heiberg opp 800 km² i åra 1904-1912. Dette har vore sett på som vår første "naturpark". *Statens naturvernråd* foreslo at spørsmålet om nasjonalpark i heirområdet burde bli undersøkt nærmare i si tilråding om natur- og nasjonalparkar i 1964 (Naturvernrådet 1964). Njardarheim veidemark, som området seinare blei kalt, er i dag eigmद av staten. I tillegg kjem statsallmenningane i tilgrensande område i Bykle, Hjelmeland og Suldal kommunar på tilsaman 360 km².

Det første verneforslaget kom frå *Landsdelskomiteen for Agder og Rogaland* då Njardarheim veidemark og tilgrensande område blei foreslått til landskapsvernområde. Etter initiativ frå komiteen blei det oppnemnd eit *Fjellplanutval for Agder og Rogaland*, som skulle føre vidare planarbeidet med tanke på vern i området.

Fjellplanutvalget foreslo landskapsvern av ein hovedakse og åtte mindre tverraksar til saman eit areal på 4100 km² i 1974. Ein sentral del av området, Rjuven med Taumevassdraget, Ljosåi og Botnsvatn i Valle eit areal på 525 km², blei foreslått som nasjonalpark (Fjellplan for Setesdal Vesthei, NOU 1974:39). Fjellplanen hadde ein viktig funksjon ved at han sette sørkjelyset på viktige arealkonfliktar og bidro til dokumentasjonen av verneverdiene i heirområdet. Utvalet peikte på at detasta med å innføre band på arealbruken i heirområdet.

Oppfølginga av Fjellplanen kom i form av ein rapport: *Setesdal vesthei, inngrepsoversikt i perioden 1973-1984*. Dette viste at 81 % av vasskraftressursane i heirområdet var utnytta eller konsesjonsgitt pr. 1. januar 1981. Villmarksarealet, d.v.s. område med meir enn fem km frå tekniske inngrep (hytter er ikkje rekna som eit teknisk inngrep), var halvert frå 3000 km² i 1955 til 750 km² i 1984. Samstundes blei 14 nye prosjekt for vassdragsreguleringar i heirområdet behandla i Samla plan for vassdrag (Miljøverndepartementet 1984). Inngrep som var planlagte pr. 1. januar 1984 ville føre til at villmarksarealet i heirområdet ville bli redusert til 500 km².

Statens naturvernråd har følgjande vurderingar i *landsplanen for nasjonalparkar* (NOU 1986:13):

"Gjenværende forekomster av store naturområder som ikke er brutt opp av tekniske inngrep, bør i størst mulig grad sikres i urørt tilstand for ettertida.

Norge er som forvalter av villrein, pålagt eit særlig ansvar i europeisk og nasjonal samanheng. Et vern av en villreinstamme krever at trekkveiene er inntakt".

Ei *planfagleg rådgjevingsgruppe* med representantar frå kommunane, fylkeslandbrukskontora, fylkeskommunane og fylkesmennene og ein observatør frå bondelaget, la fram ei utgreiing om heiområdet Setesdal - Ryfylke i 1986.

Ei samrøystes rådgjevingsgruppe foreslo følgjande mål for arealforvaltninga i heiområdet (Planfagleg rådgjevingsgruppe 1986 s. 30):

- Det må sikrast eit mest mogleg urørt samanhengande fjellområde mellom R-9 og Hardangervidda. Det er viktig at det blir sikra samanheng frå dalar og fjordar.
- Det er ei nasjonal oppgåve å verne om den sørlegaste villreinstamma i Europa.
- Produksjonsgrunnlaget for landbruket og dei jaktbare viltstammene har blitt sterkt svekka på grunn av ei rekke inngrep. Beitegrunnlaget for sau må oppretthaldast og produksjonsgrunnlaget for landbruket og dei jaktbare viltstammene må ikkje svekkast ytterlegare.
- Tilhøva for jakt, fiske og friluftsliv er viktige gode for landsdelen sidan området er helgeutfartsområde for om lag 500.000 ibuarar. Tilhøva for dette bør leggjast til rette så langt dette kan samordnast med andre viktige målsetjingar for heiene.
- Sidan planområdet omfattar delar av 12 kommunar og tre fylke er det heilt avgjerande å koma fram til sams retningslinjer for arealbruk i heiområdet. Det er eit mål at retningslinjene så langt mogleg skal samordne dei ulike interessene i heiområdet.

Høyringa av heiutgreiinga signaliserte semje om måla for heiområdet.

Rådgjevingsgruppa la fram ei fleirtalstilråding om bruk av verkemiddel der området i plansamanheng blei delt i eit kjerneområde og ei randsone:

Kjerneområdet er område av nasjonal interesse som bør vernast mot inngrep som kan redusere verneverdiane vesentleg. Naturvernlova og biotopvern etter viltlova er aktuelle verkemiddel.

Randområdet er i hovudsak sårbar område med snaufjell, som er viktige i landsdelsamanheng. Arealbruken bør samordnast på tvers av kommunegrensene og styrast v.h.a. plan- og bygningslova.

Hovudelementa i tilrådinga for kjerneområdet var følgjande (Planfagleg rådgjevingsgruppe 1986):

- I. Følgjande område som i hovudsak dannar eit samla område (2895 km^2), bør sikrast som landskapsvernområde i medhald av § 5 i naturvernlova:
 1. Kvanndalen i Suldal kommune (ca 60 km^2)
 2. Dyraheio i Suldal og Bykle kommunar (ca 630 km^2)
 3. Vormedalsheia/Lusaheia (oppretta med kongeleg resolusjon av 19.april 1991) i Hjelmeland kommune ($120 \text{ km}^2 / 122 \text{ km}^2$)

4. Rjuven i Bykle, Valle og Sirdal kommunar (675 km^2)
 5. Byglandsheiane i Valle, Bygland, Åseral og Kvinesdal kommunar (245 km^2)
 6. Knaberøysi i Åseral, Hægebostad og Kvinesdal Kommunar (350 km^2)
- II. Frafjordheiane bør sikrast som nasjonalpark i medhald av § 3 i naturvernlova (350 km^2).

III. Følgjande område er aktuelle for biotopvern etter § 7 i viltlova:

1. Eit området mellom Dyraheio og Rjuven landskapsvernområde.
2. Eit området mellom Dyraheio og Kvanndalen landskapsvernområde.

IV. Grovavgrensing av landskapsvernområda og nasjonalparken.

Mindretallet på to representantar var mot landskapsvern med heimel i naturvernlova. Dei meinte det burde bli utarbeidd forslag til felles reglar for bruken av områda, som kommunane om dei ønskjer, kan ta inn i den einskilde kommuneplan.

Eit verneforslag for Vormedalsheia og Lusaheia blei utarbeida m.a. ut frå føringar som Stortinget gav då Vormo blei verna mot kraftutbygging. Dette var på lokal høyring i 1986, og Vormedalsheia og Lusaheia landskapsvernområde blei oppretta ved kongeleg resolusjon av 19.april 1991.

Fylkesmennene og fylkeskommunane tok etter høyringa av NOU 1986:13, Ny landsplan for nasjonalparker og etter høyringa av rapporten "Heiområdet Setesdal - Ryfylke 1986" initiativ for vidareføring av heioplanarbeidet. Miljøverndepartementet ba fylkesmennene om å utarbeide eit verneforslag for "kjerneområdet", dei dentrale delane av heia, og fylkeskommunane skulle utarbeide felles retningsliner for planlegging i "randsona". Dette arbeidet blei samordna av ei felles administrativ gruppe. Det blei halde informasjonsmøte både med grunneigarar og kommunar der ein orienterte om både forslaget til vern etter naturvernlova i kjerneområdet, og planlegging etter plan- og bygningslova i randsona. Våren 1990 vart eit førebels utkast til felles retningsliner for planlegging i "randsona" lagt ut til administrativ høyring.

På bakgrunn av informasjon om dei ulike planframlegga reagerte mange grunneigarar på planprosessen, manglande registrering av næringsinteresser (utanom tradisjonelt landbruk) og framlegg til lovbruk. Skogeigarlaga tok saka opp med grunneigarorganisasjonane som førte synspunkta vidare og kom med framlegg om fleirbruksplanlegging. Initiativet fekk brei kommunal støtte. Ein fleirbruksplan vart sett på som eit konstruktivt initiativ som reflekterte ei heilskapstenking der såvel bruksinteresser som verneinteresser var med. Planprosessen opna for lokal medverknad. Kommunane såg heirområda som ein ressurs for bygdeutvikling som ville kunne gje sysselsetting og sikre busetting.

Etter initiativ frå kommunane og grunneigarorganisasjonane kalla fylkesmennene inn til eit samordningsmøte 10.desember 1990. I møte vart fylkesmennene, fylkeskommunane, fylkeslandbrukskontora, kommunane og grunneigarorganisasjonane einige om å starte opp eit fleirbruksplanarbeid. Arbeidet er delt opp i eit forprosjekt og eit hovudprosjekt.

Føremålet med forprosjektet som ligg føre, har vore å vurdere grunnlaget for eit mogeleg hovudprosjekt og å klargjere innhaldet og gjennomføringa. Det overordna målet ved planarbeidet blir å greie ut korleis ein kan nytte området til næringsutvikling for bygdene rundt samtidig som ein sikrar samanhengen i heia, naturkvalitetane og ei god forvaltning av villreinen. Fleirbruksplanen skal fungere som eit rammeverk for arbeidet med Plan- og bygningslova og Naturvernlova.

Fylkesmannen i Rogaland varsla i møte 10.12.90. at verneplanarbeidet i Rogaland ville bli ført vidare ut frå ei tidsramme som tidlegare var sett opp, m.a. i samsvar med statusen i kommuneplanen for Suldal. Då Suldal kommune starta arbeidet med kommuneplanen for 1988-96 la dei fylkesplanen og heiplanen frå 1986 til grunn. Kjerneområdet er vist som planlagt bandlagt område i arealdelen, som blei eigengodkjent 1991. Ein har her i forståing med fylkesmannen og fylkeskommunen lagt til grunn at fylkesmannen fremjar landskapsvernforlag slik at dette kan sluttbehandlast før den mellombels bandlegginga i kommuneplanen blir oppheva etter 4 år.

Mange grunnar taler for dette. Kjerneområdet i Suldal er vanskelegare tilgjengeleg enn i Setesdal, og den alt i alt omfattande planmessige behandlingen frå 1974 og fram til i dag, sist gjennom kommuneplanen, har ikkje barlagt tilsvarande konfliktar som på Agder sida. Det er vidare naturleg at oppfølgjinga av heiplanen i Rogaland må skje i tre etapper sidan Frafjordheiiane, etter stortingsbehandling av verneplan IV og ny landsplan for nasjonalparkar, må vente på ei avklaring av høvet til å verne privat grunn som nasjonalpark.

Fylkesmennene i Agderfylka er innstilt på å venta med å fremje verneforslag for heiområdet til etter 1.mars 1994, da det er føresetnaden at hovudprosjektet i fleirbruksplanarbeidet er ferdig. Verneplanforslaget og utkast til forvaltningsplan vil bli oversendt og inngå som ein del av hovudprosjektet. Ein slik deltaking i hovudprosjektet vil tilfredsstille saksbehandlingsregler og krav om medverknad etter § 18 i Naturvernlova.

4. OMTALE AV KVANNDALEN, DYRAHEIO OG HOLMAVASSÅNO

4.1. Geografisk plassering og eigedomstilhøve

Kvanndalen landskapsvernområde er dekka av kartserie M711 (Statens kartverk), kartbladene 1314 II Suldalsvatnet, 1414 III Breive og 1414 IV Haukelisæter.

Kvanndalen ligg lengst nord i planområdet og dannar ein naturleg overgang til Hardangervidda mot nord og heng saman med Holmavassåno biotopvernområde og Dyraheio landskapsvernområde i sør. Dalen har utspring ved vasskilet mellom Ståvassdalen og Kvanndalen med Kistenuten i aust og Høghellernuten i vest. Kvanndalen strekker seg derfrå ca. 10 km i SSV-retning før den ender i brattdalane ned mot Roaldkvam og Suldalsvatnet.

Kvanndalen landskapsvernområde er avgrensa av fylkesgrensa mot Hordaland (Odda kommune) i nord, og Telemark (Vinje kommune) i nord og aust. I SA går grensa mot Holmavassåno biotopvernområde til høgde 1053 N for Sandvatnet. Herfrå går grensa over Havrevassnibba, vidare over nordenden av inntaksbassenget i Kvanndalen til Melsnuten. I vest går grensa over Melsnuten og Trollskeinutane fram til fylkesgrensa.


Kvanndalen landskapsvernområde er ca 84 km² stort, og omfattar heile eller delar av følgjande gards- og bruksnummer i Suldal kommune: 68/1,16,26,53, 69/1,3.

Dyraheio landskapsvernområde er dekka av kartbladene 1313 I Blåfjell, 1314 II Suldalsvatnet, 1413 IV Botsvatn og 1414 III Breive.

Dyraheio landskapsvernområde ligg aust for Suldalsvatnet og strekker seg frå Bleskestadmoen i nord til Strandalen og Odden i sør. Dyraheio landskapsvernområde bind saman Kvanndalen landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde i nord, med andre delar av kjerneområdet som er planlagt verna i Aust-Agder. Store delar av Dyraheio er villmark utan vegar, regulerte vassdrag eller turistløyper.

Nordgrensa for Dyraheio landskapsvernområde går frå tjørn vest for Havrenosnibba over Hongsnuten til Storhedderfjelli i aust. Vidare er området avgrensa av fylkesgrensa mot Aust-Agder (Bykle kommune) i aust. Frå nordenden av Blåsjømagasinet går grensa mot vest over Odden og Kjelkanut. Vestgrensa går frå Kjelkanuten over Håvardslåttnuten og Grunnevassfossen, over Kaldagjuvet, Botnanutane, Dyrskardnuten, Reinskvelven, Åimellom, ned til tjørn NV for Jonsstøl til vassinntaket i Gaukstølsåno, opp til Stemvatnet SV for Kvannibba og over Stordalshetta til Havrenosnibba.

Dyraheio landskapsvernområde er ca 300 km² stort, og omfattar heile eller delar av følgjande gards- og bruksnummer i Suldal kommune: 38/1, 39/1,2, 40/1,2, 41/2, 42/1,2,3, 43/1,2, 54/1,2,3, 55/1, 56/1,2, 57/1,2, 66/1, 67/1,3, 68/1,2,3,4,5, 137/Suldal statsallmenning.



Holmavassåno biotopvernområde er dekka av kartblad 1414 III Breive.

Holmavassåno går mellom Holmavatnet og Sandvatnet. Begge vatna er regulert og elva er turrlagt når det ikke først over vatn mellom magasina. Holmavassåno biotopvernområde bind saman Kvanndalen landskapsvernområde i nord og Dyraheio landskapsvernområde i sør. Her går trekket til viktige beiteområda på heiane rundt Kvanndalen.

Biotopvernområdet er avgrensa av Kvanndalen landskapsvernområde i nord, Dyraheio landskapsvernområde og fylkesgrensa mot Aust-Agder (Bykle kommune) i sør, og fylkesgrensa mot Telemark (Vinje kommune) i aust. I vest går grensa over Endanuten og rett sør over Sandvatnet til Storhedderfjelli.

Holmavassåno biotopvernområde er ca 23 km² stort, og omfattar heile eller delar av følgjande gards- og bruksnummer i Suldal kommune: 67/14, 68/1, 16.

4.2. Naturgrunnlaget

Heiområdet byr på stor variasjon i naturtypar. Hei-omgrepet reflekterer den dominerande naturtypen i området. Høgfjellsområda i Dyraheio i høgdelaget 1200-1400 m.o.h., dei brå overgangane mellom lågland og høgfjell i samband med dype dalar og fjordsjør markerar klåre kontrastar til det rolege heilandskapet. Vekstvilkåra i området varierer frå frodige stølsdalar og område med rik kalkkrevjande vegetasjon og mange artar til skrinne område med lite lausmassar og sparsam vegetasjon.

Typiske trekk ved heiområdet er følgjande:

- kupert heilandskap
- tungt forvitrelag grunnfjell
- mykje bart fjell, sparsomme og næringsfattige lausmassar
- sparsamt med vegetasjon, få og nøy same artar
- rikare naturtyper i områder med lett forvitrelag bergartar som fyllitt
- kystpåverka klima med høg nedbør og relativt låg vinter temperatur
- mange vatn og innsjørar

Naturgeografisk høyrer områda til fjellregionen i søndre del av fjellkjeda, underregion Suldalsheiane.

4.2.1. Geologi og landskap

Fjellgrunnen i området er prega av ein klar tredeling av bergartane, noko som er typisk for de nord-austre delane av Ryfylke. Underst ligg grunnfjellet som pregar det meste av Ryfylkeheiane. Det består av bergartar som er over 600 millioner år gamle, vesentlig næringsfattige gneiser og granitter som forvitrar langsamt og gir dårlig jordsmonn. I slutten av jordas urtid (prekambrium, ca. 600 mill. år siden) blei grunnfjellet tært ned av naturkreftene til ein relativt flat slette, som blei kalt det subkambriske peneplan. I dette platået har så isbreer og elver skore uteitsystem av daler. Disse dalane følgjer stort sett sprekksoner i berggrunnen, noko som er typisk for landskap i grunnfjellsområder (Fylkesmannen i Rogaland 1986).

Isens arbeid har ført til at det meste av høgfjellsplatået ereitsnauslipt, bortimot vegetasjonsløst landskap. I de utallige små forsenkningene som blei danna, har det danna seg små vatn og pytter. Dette utall av vannansamlinger ereittypisk trekk for høgfjellsplatået i Ryfylke. Elver og bekkar går i kryss og tvers langs sprekksoner i grunnfjellet.

I motsetnad til andre delar av landet som har blitt utsatt for overskyvningar av fjelldekke, foldingar, overfløyming av hav o.l. er landskapet i grunnfjellsområda i hovudsak eit resultat av slitasje frå is, vatn og vind gjennom 600 millionar år.

Havet flauma over peneplanet i jordas oldtid (kambrium, ordovicium og silur, ca. 600-400 mill. år siden). Langs strandene som oppsto, var det grus og rullestein. Disse finner vi i dag igjen enkelte stader som konglomerater.

Dei kambro-siluriske bergartane har eit høgt innhald av næringssalter, bl.a. kalk, og de forvitrer lett og gir eit godt jordsmøn. Andre bergartar av kambro-ordovicisk alder er svart og grå fyllitt og kvartsglimmerskifer.

Under den kaledonske fjellkjedefoldingen som skjedde da Grønland og Norge støtte saman for ca. 395 mill. år siden, blei store grunnfjellsflak pressa opp og skove over dei kambrosiluriske bergartane. Desse flaka blei omdanna til gneisser og kvartsitter under foldinga. Desse såkalla skyvedekkene består altså av bergartar som er eldre enn dei kambrosiluriske bergartane under. Skyvedekkbergartane er i likhet med grunnfjellet, lite forviterlig. I tida som er gått sidan skyvedekkene blei skove på plass, har det foregått ein omfattande erosjon og nedtæring av bergartane av is og vatn. Dette har ført til at mesteparten av de kambrosiluriske bergartane og skyvedekket er tært vekk.

Restane av skiferbergartane og skyvedekket har oftast form av såter med bratte kanter og velutvikla urer, som ligg oppå grunnfjellspeneplanet. Dette skyldast at erosjonen foregår raskare i skiferbergartane enn i skyvedekket som blir liggande som eit beskyttande lag oppå. Skifersonen er ofte særslig oppsprokka med mange fjellhyller og små juv og canyons som elveerosjonen har forma (Fylkesmannen i Rogaland 1986).

Den endelege utforminga av terrenget med dype dalar med bratte sider og flat bunn, mange vatn, lite lausmassar i høgda og oppsamling av vatnbehandla materiale i dalbotnen, er resultat av aktiviteten til is og smeltevatn dei siste to millionar år (kvartærtida).

Ein kraftig iserosjon resulterte i at det meste av lausmassane i heiområdet blei transportert med isen til havet mot slutten av siste istid for 10.000 år sidan. Erosjonen var kraftigast og mest effektiv lengst i vest. I daldrag mot austre del av heiåane er det meir lausmassar, særleg i dalar med retning nord-sør, på tvers av den retninga isen flytta seg. Elles i heiområdet er det for det meste bart fjell eller eit tynt morenedekke. I dei høgare fjellområda er det stadvis som følge av frostsprekking, store forekomstar av blokkmark. I bratte fjellsider dominerer svaberg og rasmark.

Det store flaket av næringsrike fyllittar m.m. gjer geologien i Kvanndalen og Dyraheio interessant. Vestre delar av Dyraheio skil seg frå heiområdet i aust ved at store delar av berggrunnen består av kambro-siluriske sedimentbergartar som gir næringsrike lausmassar med tilhøyrande rik vegetasjon. I Stranddalen finn ein eit spanande og sjeldsynt fyllittlandskap med bratte fjellsider og knauser. Smørslagjo, ein rasblokk av fyllitt med eit band av kvarts i midten, har særprega form med overheng til alle kanter.

Overskyvinga av kaledonske bergartar har ført til dannninga av storslegne terrengformasjonar. Snørunten dominar landskapet takka vere eit hardt toppdekke av overskove gneiss. Snørunten er ein av dei høgaste og mest frittliggende fjelltoppane i fylket, 1606 m høg. "Såta" SV for v.Kaldavatnet er ein anna fjelltopp i gneis med utsikt i alle retningar. Det fins også innslag av spanande mineral einskilde stadar. Fleire stader er det bergkrystallforekomster, og på Grønfjell aust for Krossvatnet ligg relativt store felt av kalkstein. I Dyraheio finn ein også randmorener frå Blåfjellstadiet. Dette er dei siste randavsetningene frå isavsmeltingstida, og dei blei avsett i preboreal tid, 10000- 9000 år før nåtid.



Figur 1: Frå Storsteinheia mot NA, eit snauslipt og vegetasjonslaust grunnfjellsplatå (Leirnuten til venstre og Grønafjellet til høgre).



Figur 2: Fylitt-landskapet i Stranddalen med Smørslagenuten fremst i biletet.

Berggrunnen i Kvanndalen består av prekambriske bergartar dekka av kambrosilur bergartar og øvst skyvedekkebergartar (antatt prekambrisk alder). Desse bergartane dekker dalbotnen og dalsidene opptil ca. 1000 meters høyde. Dei overliggande kambrosiluriske bergartane består av metamorfe pelittiske bergartar (svart og grå fyllitt). Bergartane kan ein sjå som ein dalhylle i terrenget over 1000 meter. I det nordaustligste delen av dalen finn ein bergartane igjen i dalsidene, men her dekker dei også dalbotnen (Prøsch-Danielsen 1990).

I Kvanndalen er lausmassane rikelege i dalbotnen og tildels også i den austvendte dalsida. I dalbotnen ligg store sandurer og elvesletter der materialsamansetnaden varierer. 100 m NNA for Hidlerberget kan ein sjå ein liten ryggforma avsetning av grus og sand. Den finn ein att på austsida av elva, og kan truleg vera ein endemorene. I dalsidene fins skredavsetninger som hovudsakelig består av stein- og blokkmateriale. Traktene rundt Kvanndalen er lite undersøkt kvartærgeologisk. Det er imidlertid identifisert fleire morenerygger i fjelltraktene vest for Kvanndalen som ein antar tilhører Blåfjellstadiet (Prøsch-Danielsen 1990).

På begge sider av dalen ligg det høge fjell av harde overskuvne kaledonske bergartar. På vestsida ligg Melsnuten (1574m) og Trollaskeinutane (1606m), i NA ligg Kistenuten (1647m) og Vassdalseggi (1658m) som er den høgaste toppen i Rogaland.

4.2.2. Vegetasjon og flora

Vegetasjonen er eit resultat av samspelet mellom geologi og klima. Nedbørsmengdene i Setesdal-Ryfylkeheiane er relativt store med ei normal avrenning på meir enn 1000 mm pr. år. I overgangen mellom Ryfylkefjordane og heirområda austfor er normalavrenninga opp mot 3.500 mm pr. år. Som følge av store nedbørsmengder er det lite lav og relativt mykje låglandsplanter høgt til fjells på vestsida av området, mens ein på austsida finn meir lav som er mindre avhengig av jamn vannforsyning.

Området mellom Suldalsvatn, Vinje i Telemark og Bykle inneholder den sydlegaste samlinga av ein fullt samansett fjellflora som inkluderer rik og kalkrevjande vegetasjon (Dahl 1906, Dahl 1907, Steinnes 1988).

Floraen i indre Ryfylke har klare felles trekk med fjorddistrikta mellom Hardanger og Trondheimsfjorden. Vegetasjonen på fyllitt-skifranne i Suldalsheiane dannar ei fortsetjing av tilsvarende vegetasjon frå skifranne på Hardangervidda. I følge Dahl 1906/07 byrjer den rike skiferfloraen, eller reinrosevegetasjonen, frå grensefjella mot Telemark og Setesdal (Storhedderfjelli, Meien, Austre Kaldfjell) og strekker seg gjennom Kvanndalen, over Havrenosnibba, Kvernheia, Urdavassnutane, Krokkvassnutane, Næverhattens austside og Raudnuten. Ved Vestre Kaldfjell og Snønuten er skiferfloraen meir sparsomt representert, men sør for desse er det rikare med skifervegetasjon i Kvilldal- og Sandsheiane.

Plantelivet i Dyraheio har mangfold, men er lite undersøkt. Undersøkingar i området Håvestøl-Raufjell tydar på at området kan gi verdifull informasjon om jordbruk i eldre tider og endringar i klima og vegetasjon. Ved Raufjell og Raudnuten er det funne fleire sjeldsynte planter som kastanjesiv, rabbestarr og skredarve. Ved Grønfjell er det kalkrevande artar.

I fyllitt-fjellsidene og knausane i Strandalen finn ein mykje bergjunker og elles mange kravfulle artar.

Sommaren 1991 blei det lagd kryssliste i området rundt Raudnnut og Strandalen, og artsliste i området rundt Prostøl, Jonsstøl, Bleskestadmoen, Nystøl, Stovo, Klauvskeimoen, Havrenosnibba og Grønafjell.

Kvanndalen med heiane rundt er særprega og vakker med rik og frodig vegetasjon. Høg nedbør og fyllitt gjev grunnlaget for den frodige og artsrike vegetasjonen. Fleire plantar har sin sørvestgrense for utbreiing i området.

Ovanfor Kvelvane og vidare innover fins berre nokre få spredte furu. Området Fleso-Sildaheio-Hidlerberget domineras av subalpin bjørkeskog med stort innslag av blåbær, blokkebær og blåtopp. Subalpin bjørkeskog finnast vidare oppover særleg den austlege, men også den vestlege dalsiden til rundt Raudmyr. Spredt bjørkeskog finnast også vidare nordover i dalen og opp til 900 m.o.h. I overgangssonen mellom dei fluviale avsetningane i dalbotnen og fjellsidane veks ein høgstaudeprega vegetasjon der bjørk og eit belte av vier representerer tresjiktet. Planta gran og buskfuru forekjem ved Svultanuten og kler den 50 m høge kollen (Prøsch-Danielsen 1990).

Av registrerte vegetasjonstypar kan nemnast blåbær-blålynghei, sekundær grashei, vierkratt, bregnesnøleier og reinrosesamfunn. Kvanndalen ligg klimatisk sett i eit grenseområde mellom Aust- og Vestlandet. Likevel er det oseaniske element mest markert i både flora og vegetasjon. Av vestlege oseaniske artar kan nevnes bjønnkam, rome og blåknapp. Av meir austlege artar kan nevnes turt og søterot. Artar som blåsprett, gulsildre, bjønnbrodd, sotstarr og reinrose viser at næringstilgangen er god i store delar av dalen (Prøsch-Danielsen 1990).

Den rikaste typen er reinrosehei, der vi finn m.a. sotstarr, flekkmure og reinrose. Kvanndalen utgjer sørvestre utlaupar av veksestad for m.a. følgjande fjellplantar: Fjellvein, fjellsnelle, lapprublom, snøsøte og norsk vintergrøn. 85 fjellplantar er registrert i dalen. Ei rekke svakt kystbundne artar har si inste- eller høgdegrense i området (Meyer & Botnen 1983).

4.2.3. Fugle- og dyreliv

For dyrelivet i fjellet er bjørkebeltet særskilt viktig som yngle-, vekse- og vinterbeiteområde. Dei fleste kjende fjellvilt-artar finns i heirområdet.

FUGL

Rovfuglar som *hubro*, *jaktfalk*, *dvergfalk*, *fjellvåk* og *kongeørn* er registrert.

Av vadefugl hekkar *strandsnipe* på lågheia, og *fjøreplytt* og *heilo* på høgheia. *Heilo* har hekkeområder nord for Isvatn, Endanuten og Gravtjønnuten, og to plassar nord for Dyrskardnuten ved Bråtveit (vest for Reinskvelven og aust for Nyastøl).



Figur 3: Knoppsildre (*Saxifraga cernua*) veks på naken, fuktig, kalkhaldig sand- eller grusmark i fjellet, ofte snøleger.



Figur 4: Reinrose (*Dryas octopétala*) veks på tørr kalkrik grunn i fjellet, som i fyllitt-landskapet i Stranddalen.

Av hønsefugler finn ein *orrfugl* med beiteområde. *Lirypa* har blant anna helårs- og hekkeområder på austsida nederst i Kvanndalen, helårsområder i liane under Hongsnuten og Reinskvelven, hekke- og vinterområder ved Mostøl og Jonsstøl, hekkeområde rundt Døvlevatnet nord for Dyrskardnuten og på vestsida av Kvilldalsdalen. Områda på austsida av Kvilldalsdalen og ovanfor Steinstøl blir brukt heile året av både fjell- og lirype.

Fjellrypa har blant anna gode hekkeområder ved Skorpeskardsnuten og mellom Isvatn og Djupatjørnane, vinter- og hekkeområder rundt Endanuten og Gravtjønnnuten og nordsida av Storhedderfjelli. Aust for Bleskestadmoen opp mot Grønanuten har fjellrypa heilårs- og hekkeområde, hekkeområde mellom Raudnuten og Raudfjellet og i Austmannaskåra. Nord for Kaldfjell har fjellrypa samlingsområde om hausten, og nord for Hellefjell vinterbeite. Lenger sør og aust i heia bruker fjellrypa områdene mellom austre Kaldfjell og Grønfjell, på Storsteinheia, rundt Breiavad, Pjåkevassdalen og vest for Ramnanuten.

HJORTEDYR

Elgen trekker vår og haust gjennom Naustdalen ved Holmavatn, opp frå Bleskestad og rundt Bleskestadmoen, vidare austover gjennom Urdaskar og Tatrakvelven, sørover mellom Stordalshetta og Grønenuten, og frå Bleskestadmoen over Kroksvatstølen. Elgen trekker også på nordsida av Raudfjellet, gjennom Austmannaskåra og vidare austover gjennom Kaldvassleitet, og lenger sør gjennom Leirdalen mellom Leirdalsvatna og Krossvatnet.

Hjorten kan trekkje heilt opp på snaufjellet i vestre del av området.

Villreinen

Dyraheio og Kvanndalen har svært høg verdi som følge av at det er både sommar- og vinterbeite for villreinen. Dei gjenverande urøyrd områda har fått større verdi som følge av oppdemminga av Blåsjø. Villreinstamma i Setedal-Ryfylke møter frå naturen si side store utfordringar i kampen for å overleve.

Dette skuldast særleg følgjande forhold:

- lite lav i vinterbeita (reinen må beite på planter som er tyngre å fordøye)
- skrinne sommerbeite i store delar av området
- vinterbeita er ofte vanskeleg tilgjengelege p.g.a. mye og hardpakka snø og is

Lengst nord i Kvanndalen trekker villreinen nord for Djupetjørn og Kvanndalstjønn og ned i Kvanndalen. Eit anna trekk går ved foten av Kistenutenden, over til Ståvassdalen og over Litledalsfleene. Villreinen har eit viktig trekk mellom Holmatnet og Sandvatnet. Det er og trekk gjennom Sandvassbrekka, Tatrakvelven, Meiadalen, Urdaskar vest for Meien, og på sørsida av Holmavatnet. Lenger sør går det trekk langs nordsida av Raudfjellet og fleire trekk austover mellom Brudlednutane. Nord og sør for Skorpo og Heddevatnet går det fleire trekk.

Gode høve til å vandre over store område er naudsint for at villreinstamma skal utnytte beitet godt.

Det kuperte terrenget vi finn i delar av heiområdet gjer at reinen må trekkje på bestemte og ganske avgrensa område. I tillegg kjem ulike inngrep og ferdsel som kan vanskeleggjere trekkjet til villreinen. Trekkvegen Holmavassåno mellom Holmavatn og Sandvatn er viktig å ta vare på fordi området rundt er prega av vassdragregulering og tekniske inngrep.

Villreinen i Setesdal-Ryfylkeheiane har dei viktigaste kalveområda i Valle og Bykle kommunar, til saman eit areal på 350 km². Merka turistløyper går gjennom viktige delar av områda. Viktige kalveområde i Bykle ligg nær fast bosetting og turistanlegg. Tekniske inngrep pregar delar av områda.

Villreinen har særskilt viktige vinterbeite i nord-vestre delar av heiområdet i Suldal, Hjelmeland og Forsand kommunar. Tilgangen til desse områda har stor verdi for utbreiinga av stammen og for å unngå at dyra trekkjer over til Hardangervidda eller Setesdal-Austhei.

ROVDYR

Av rovdyr finn ein ofte *rødrev* som har hi fleire plassar i området. *Fjellrev* har hatt hi i området, eit fjellrev-par og ein einsleg fjellrev blei sett på slutten av 1980-talet. Forekomsten av fjellrev er truleg redusert. Det er òg *røyskatt* i området.

(Alle opplysningane er henta frå viltområdekartet og -registeret for Suldal kommune 1987 og 1992).

4.3. Kulturhistorie

Menneska har utnytta naturressursane i heiane gjennom minst 7000 år. Særleg ser jakt, fangst og beitebruk ut til å ha vore viktig, mens fiske har hatt meir underordna betydning. Store delar av heiområdet blir framleis brukt til sommarbeite for tusenvis av sauvar. Heiane har også vore eit kommunikasjonsmessig bindeledd mellom landsdelane. Til dømes gjekk den kortaste vegen frå Setesdal til sjøen midt over høgfjellmassivet (Bang-Andersen 1983a).

Kulturhistorisk kan området grovt inndelast i høgfjell og stølssone. Høgfjellet omfattar store snaufjellsområde i høgdenivået ca. 900-1200 m.o.h. Kulturminne som bogastille og dyregraver dominarar. Kulturminna ligg som regel nær vasskanten eller høgst eit par hundre meter unna bredda av større vatn. Dei synest nesten utan unntak å ha samanheng med jakt og ferdsel i eldre tider (Bang-Andersen 1983a).

Stølssona omfattar stort sett høgdenivået ca. 400-900 m.o.h. og inkludrer øvre del av skogbeltet, mange vatn og myrområde. Støling (slått og beite) har etterlate dei fleste fysiske kulturspora. I stølssona utgjer tufter av forskjellig slag over halvparten av kulturminna. Deretter følgjer hellerar og trekolkonsentrasjoner. Dei aller fleste kulturminna er påvist på eller nær eksisterande stølsområde, svært ofte nær vatn, og synest i hovudsak å avspegle tidlegare tiders bruk av fjellbeitet (Bang-Andersen 1983a).



Figur 5: Gulsildre (*Saxifraga aizoides*) er vanleg på fuktig, kalkhaldig grus- eller leiremark. Sotstorr (*Carex atrofusca*) er også ganske vanleg på næringsrik grus- eller sandmark i fjellet. Dette biletet er tatt i sørhellingsa på Raudnuten.



Figur 6: Reinkalv ved Bleskestadmoen sommaren 1991.

Ein veit i utgangspunktet om relativt få forminne i området, men området er ikkje grundig undersøkt. Derfor er det som er funne dess meir verdifullt. Det er ikkje nokon grunn til å tru at det er færre fornminne her enn i dei områda som blei grundig undersøkt i samband med Blåsjøoppdemminga.

Med kulturminne meiner ein alle typer materielle minner etter menneskelig virksomhet frå tiden etter 1537. Fornminne er kulturminne frå oldtid og middelalder, dvs. frå før reformasjonen. Desse er automatisk freda etter Lov om kulturminne.

Godt vedlikehaldne stølar er det mange av i området. Stølslandskapet og stølshusa utgjer eit miljø som har ein sentral plass i heia og landskapshistoria.

KVANNDALEN

Kvanndalen er ein typisk stølsdal for Suldalsheiane med rik vegetasjon som er sjeldan i denne delen av landet. Den rike vegetasjonen gav tidlegare grunnlag for mange stølar. Det er funne spor etter ti stølsområde i dalen som tidlegare blei rekna som den beste stølsdalen i Suldal. På desse stadene er det stølshus og hytter i dag: *Fleso*, *Hidlerberget*, *Svulanuten* og *Jensafet*. På andre stader som *Sildaheio*, *Fossaslåtto*, *Takli*, *Slåttastølen*, *Raudmyr*, *Midvika*, *Bakkaleger* og *Gamlestølen* finn ein spor etter tuftar, støling og slått.

Kvanndalen har vore støls- og utmarksområder for gardane Nordmark og Jordebrekke, seinare også Roaldkvam. I Fylkesplan for kulturminne i Rogaland (9/88) er det eit forslag om særskilte vernetiltak for desse områdene.

Nederst i Kvanndalen ligg *Fleso* som er eit stølsanlegg med stølshus, to uthus og ein tuft etter ein steinbu. Ved elva er det bygd ein ny bru, men ein kan sjå fundamentet til gamlebrua. Av arkeologiske kulturminne er det funne ein tuft, ryddet flate (kanskje etter dyrking), flate etter eit hus og ei steinrekke. På *Fleso* blei det støla fram til 1948, da det blei dårlegere marked for geitemelk. Det blei dreve omkastslått der same område blei slått anne eller tredje kvart år, dette for å unngå utpining av jorda da det ikkje blei gjødsla.

Ved *Hidlerberget*, som ligg ca. 2km lenger inn i dalen, er det eit samanrast lafta sel og ein tuft. Stølen hørde til Øvrabø på Nordmork som òg hadde noe av slåtten på *Sildaheio*. Stølinga tok slutt i 1947.

Ved *Svulanuten* blei det støla fram til 1946. Jakt/gjeterhytta ved Svulanuten er flytta frå Takli, og restaurert i 1975. Eit større stølshus blei bygd på Raudmyr i 1934 og flytta til Svulanuten seinere. Turisthytta på staden er frå 1896. Det er også spor etter hus- og fjøstuft, stakketuft og røyser på elveslettene. Av arkeologiske kulturminner er det ved Svulanuten funne ni tufter, syv røyser, to hellere, fem kullgroper, to boplasser og eit dyrkingsspor. På nuten står eit gammalt granplantefelt og ein del tett furu som er planta.

Fossaslåtto ligg likeved Svulanuten på austsida av Kvanndalsåno. Det går ein hengebru over elva, med utslått og beiteområde på sletta inntil elva. Det er også registrert ein hustuft og eit vad. Frå Fossaslåtto og sørover til *Slåttestølneset* er det delvis grodd til med vier og bjørk.

Desse flatene og mykje av dalsida var snaue dengang det blei støla. Vedhogst og geitene haldt skogen nede, og ny drift eller nye driftsformar er naudsynt for å tilbakeføre og behalde dette landskapspreget. På samme sida av elva lenger sør, ved *Taklibekken*, finn ein spor etter stølar, men her har det grodd igjen.

Ved *Uførestrondo* og nord over har det vore utslått og ein finn ein utskoten og oppbygd stølsveg/kløvveg. Den opprinnelege hestavegen gikk høgare oppe. På sletta mellom Svultanuten og Uførestrondo, ved Ungsmaleholmen, er det ein hustuft.

Midtvik ligg på austsida av elva sør for Jensafet. Jordbrekk hadde tidlegare støl her. Stølen høyrdie ein stund til Tufteskog og blei brukt forrige århundre. I dag er det ein stølstuft og ein heller her. Stølshuset er bygd i stein inn mot ein stor steinblokk og med denne som vegg (AmS 1983b).

Raudmyr ligg vidare nordover i Kvanndalen. Her er det 2 hustufter. I tillegg er det funne to hellere, to kulturlag, to kullgroper, ein boplass og ein grop/tuft. Nordmork har støla på Raudmyr. Husa der brann ned i 1950-åra, men stølinga tok slutt lenger tilbake.

Rundt første verdskrig blei det ei rekke år dreve støling med geiter på *Jensafet*. I 2-3 år blei det også forsøkt med stordrift. Nytt hus, fjøs og ysteri blei bygd 1909. Stordriften baserte seg på 1000 leigegeiter, det ein maksimalt rekna som kapasiteten i dalen. Ambisjonane var for høge, ein slik drift førte fort til overbeiting av området samstundes som transportproblema gjorde drifta økonomisk ulønnsam. Stølinga blei deretter redusert til årleg drift med ca 200 leigegeiter. I 1930-åra blei vedtransporten sett på som så vanskeleg at stølinga blei flytta frå Jensafeta til Svultanuten. Rundt siste verdskrig opphørde drifta heilt (Oddveig Foldøy 1988).

Seinere har det vore ungdyrbeite på Jensafeta i mange år. I dag er det mur etter ysteri, mur etter fjøs, tuft, hustuft, steingard/kve og restar etter innretning for vasskraftutnytting. Hovuddelen av huset blei flytta i 1949 til blant anna Sandvatnet. Ein del av materiala blei brukt til å bygge ei lita hytta som i dag står på den store grunnmuren etter stølshuset. I tillegg er det registrert åtte tufter. På øst sida av elva ved Jensafeta ligg det ein hidler.

Bakkaleger ligg ca. 1,5 km nord for Jensafeta. På Bakkaleger finn ein spor etter ein inngjerding/kve bygd for å beskytte husdyra mot rovdyr. Det er også spor etter ein hustuft. Ved prøvestikking (AmS 1983b) er det funne spor etter åpen boplass, og det er funne tre hellere og fire tufter. I området mellom Bakkaleger og Isåna er det ein fjøstuft og tuft etter stølssel.

Når husmannsplassane blei lagt ned kunne ein slå meir av graset nærmare garden, og ein slutta da å slå fleire plassar i Kvanndalen. Også husdyr blei det mykje mindre av og ein tok til å leige ut beite. I samband med all stølinga har det vore hogd mye ved, og Kvanndalen har somme plasser vore utskoga. Det blei òg skore torv i tillegg.

Øvst i Kvanndalen ligg *Torshidler*. Ved *Litledalsfleene* mellom Torhidler og Isvatnet ligg det ein uvanleg velbevart dyregrav. I høgfjellet i området rundt Isvatnet, Litlavatnet og Holmavatnet er det dyregraver og bogastille.

Nord for Gravetjørnnuten ved Holmavatnet ligg det ein dyregrav og ein heller. På sørsida av Holmavassåno mellom elva og anleggsveien ligg det eit bogastille.

Ved Djupetjørnane mellom Isvatnet og Litlavatnet er det funne to dyregraver og to bergkrystallførekomstar. Bergkrystallar blei i steinalderen brukt som erstatning for flint. Bergkrystallane blir òg kalla dvergstein, og kan ha vore nytta også i seinare tider. Mellom Holmavatn og Fisketjørnnuten er det funne ein dyregrav.

(Registreringane er delvis henta frå: Arkeologisk museum i Stavanger 1983a, 1983b og Bang-Andersen 1974, 1983b, 1984).

BLESKESTADMOEN

Bleskestadmoen ligg i lågeisona med bjørkeskog og tilgjenge til høgheia. Det har vore støla 4 plassar, Bleskestadmoen, Nystøl, Stovo og Klauvskeimoen.

På Nystøl og Stovo (bnr. 3) slutta dei å støle i 1959. Slått slutta dei med tidlegare. Slått, vedhogst og geitene haldt skogen borte frå stølsvollane og beitet, som i dag er i ferd med å gro att. Frå geiter gjekk dei over til å halde kyr og sauher, og i dag går det berre sauher i området. Som på alle dei andre stølane blei det heller ikkje her gjødsla, men mørkka på stølsvollane blei samla ihop å spredd utover slåttemarka. Det blei veksla anna kvart år mellom Nystøl og Stovo.

På Stovo står det ein stavbygd løe/uthus, eit sel av lafta og to samanraste lafta løer/uthus. Mellom dei to bekkene som renn over beite ligg ein rydningsrøys og stein som har kome med bekken. Beite rundt er tua og fuktig med spredt bjørk, sølvvier og einer. Det sto eit stølshus ger bygd på 1600-talet som blei revet litt før 1970.

På Nystøl står ein stavbygd løe, eit stavbygd fjøs og eit sel frå 1940-45 av lafta plank. På stølsvollen veks det spredt med lyng og einer. Beite er fuktig og myrlendt.

Det blei slått ved *Reinskvelven* ved Sandvassåno. Her sto det ei hytte som blei brukt ved slåtten og ved fiske, og som ein berre ser steinen etter i dag. I utmarka har det vore over tjue løer og stakkplasser. Nokre av desse finn ein framleis, andre ser ein spor etter.

På *Bleskestadmoen* (bnr. 1) slutta dei å støle i 1945-46, og slutta å slå i 1947-48. På *Klauvskeimoen* slutta dei å støle og slå tidlegare. Det blei slutt på støling med eigne geiter i 1923-24. Da var det 70-80 fødde og leigde geiter, pluss kyr. Mot slutten av stølinga var det hester og kyr på stølen og leigegeiter.

Stølsvollen og slåtten nære husa var gjerda inn, og kyrne blei haldt unna der ein skulle slås det året. Gjødsla som blei brukt kom frå fjøset på stølen. Det blei veksla mellom dei to stølane i løpet av sommaren, dei stølte først der dei slo sist forrige året. På stølsvollane blei det slått kvart år, i utmarka blei det slått anna kvart år på dei same plassane. Det blei slått frå garden og oppover, og ein kan i dag se spor etter løer og stakkestenger. I utmarka har det vore over tjue løer og stakkplasser.

Slått og beite har haldt skogen nede, men er no i ferd med å gro igjen med bjørkeskog. Dei siste 10 åra har det vore sauebeite, 130 eigne sauер og 400-500 på leigebeite.

"På Bleskestadmoen er det store grasgrodde vidder og fin slåttelende. Og derifrå kunne ein jamnast køyre 20-30 lass høy vintersdag, og stundom meir og. Og på Bleskestadmoen hadde ein både løeslåtter og stakkslåtter. Det fleste slåttene slo ein annakvart år. Ein hadde "omkast", dei kalla. Men nær stølen hadde ein hegner, og der slo ein kvar sommar (Johan Veka 1988)".

På Bleskestadmoen står det ein stavbygd løe delvis samanrast med øydelagt torvtak, eit lafta sel og eit lafta fjøs tett inntil kvarandre på tørrmur. Begge er i forfall med øydelagte torvtak. Ved sida av ligg turisthytta, den eldste delen er frå 1890-92 i lafta plank, tørrmur og eternittak dekka med torv, og eit nytt uthus/do i bindingsverk. I bjørkeskogen aust for husa går ein omlag 320 m lang og 0,5 m høy steingard. Den har delvis sigi saman, men blei bygd for å halde storfeet utafor slåttemarka.


"På Bleskestadmoen har det vore marknadslass, her møttest suldøler og austmenn til hestehandel. Den gamle fjellvegen frå Hovden i Bykle til Bleskestad har ein veglengde på tre mil. Her før byklarane når det skulle til haustmarknad i Stavanger med huder og skinn (Johan Veka 1988)".

Ved Klauvskeimoen ser ein tufter etter to stølshus, dei gamle materiale ligg stabla opp attmed. Ved Gamlestølstjørna er det tuftar etter Gamlestølen.

BRÅTVEITSTØLANE

Ovanfor Bråtveit finn vi stølar i dei to dalane innafor Mostøl - Gaukstøl, Skitsøl og Krokvasstøl i dalen mot nordaust, og Jonsstøl i dalen mot søraust. Ved Sandvatnet ovanfor Jonsstølen har det òg vore ein støl. Stølane Nyastøl og Reinskvelven ligg mellom Hellefjell og Dyrskardnuten mellom Bråtveit og Kvilldalsdalen. Stølinga tok slutt på midten av 1950-talet, på Nyastøl slutta dei i 1948. Stølinga tok slutt blant anna på grunn av dei stigande lønningane som gjorde stølinga for dyr. På alle stølane veksle dei mellom eit år med støling og eit år med slått. Den siste staden det blei slått var ovanfor Jonsstøl. Dei stølane som høyrde ihop og som dei veksle mellom var Reinskvelven - Nyastøl, Jonsstøl -Gaukstøl og Skitstøl - Krokvasstøl. Det var snauare med skog før da dei støla, på Krokvasstøl brann dei torv. Furuskogen har blitt fortrengt av bjørkeskog. Dette har skjedd delvis gjennom hogst av dei største furutrea og delvis på grunn av beite.

På Gaukstøl er det ei mjølkebu, eit sel og ei ny hytte bygd inntil eit gammalt fjøs. På Skitstøl er det 5 stølshus/hytter og to løer. På Krokvasstøl er det to stølshus/hytter, to løer/uthus og ei ny hytte. I nordenden av Krokkvatnet ligg det to båtnaust. På Jonsstøl står det eit gammalt sel/fjøs, eit stølshus/hytte, ei løe og ei påbygd hytte. Ved Reinsvelven står det 4 stølshus/hytter, to gammle buer/løer og to uthus. Ved Nyastøl er det 4 stølshus/hytter, eit gammalt stølshus og eit uthus. I Kyrkjesteinsdalen er det registrert ein teltring og ein hidler.



Figur 9: Jonsstøl med Jonsstolsåno fremst i biletet og Raudnuten bak. Ved Raudnuten er det funne flere sjeldsynte planter som kastanjesev, rabbestorr og skredarve.



Figur 10: Gaukstøl sett mot SV. Stølen blei brukt til støling det eine året og slått det neste.



Figur 11: Skitstøl sett mot SV med Skitstølvatnet bak. Det blei støla på Skitstøl det eine året og Krokvasstøl det neste.



Figur 12: Krokvasstøl med Krokvatnet bak. Dengang dei støla brant dei torv i mangel på ved.

KJETILSTADDALEN

I Kjetilstaddalen ligg stølane Nystølen og Prostølen, ovanfor Prostølen ligg Kvelven. Kløivinga tok ein time lenger til Kvelven enn til Prostølen, og ein kan slå tidlegare på Prostølen. Det vanlege var eit år med støling fulgt av eit år med slått. På Prostølen blei det slått og støla kvart år da beiteområda var store og beitepresset lågt. Dei stølane som låg nærmast garden blei nytta som vårstøl, sommarstølinga foregikk på Prostølen eller Kvelven. Stølinga tok slutt rundt 1940 på Kvelven, på Prostølen blei det støla siste gong i 1959. Da beita det 130-140 geiter pluss kyr. På nokre av plassane haldt dei fram med å slå til sist på 1960-talet. Slåtten varte i 4 veker, og høyet blei lagt i løer på stølane og ved Åsagrø mellom Prostølen og Nystølen. Spor etter stakkestenger finn ein på Håvardsnuten og Pelekrono ovanfor Prostølen og Kvelven.

På Kvelven sto det to fjøs og tre sel, i dag er står det ei anleggsbrakke der. På Prostølen står det to stølshus med torvtak og to nyare hytter. Ei stavbygd løe blei nylig rive. På Nystølen står det tre gamle stølshus med torvtak og ei ny hytte med uthus. To stavbygde løer, den eine har rast saman, står 300m søraust for Nystølen.

Av arkeologiske kulturminner er det registrert ein tuft ved Langavatnet innafor Nystølen, ein hidler ved Nystølen, ein tuft, to trekolkonsentrasjoner, 3 tufter og ein grop ved Prostølen. I Stranddalen er det registrert tre trekullkonsentrasjoner, ein tuft, ein hidler og ein bergkrystallforekomst (Bang-Andersen 1983a).

HØGHEIA

Av kulturminne i høgheia gjer dei gamle jakthyttene mest av seg. Dei inngår som ein naturleg del i bruken av fjellområda, og kan vere eit positivt innslag i landskapet. Grasdalen - Breiavad-området er spesielt frodig og rikt på kulturminne. Bergarten som dominerer Grasdalen er glimmerskifer. Når denne forvitrer dannast det eit uvanleg godt jordsmonn som gir grunnlag for ein rik og frodig vegetasjon. Ved forvitring dannast det også bratte, forrevne klippevegger som er med på å gi landskapet her sin spesielle karakter. I 1890-åra blei det sett opp hytte i Steinkilen og i Breiavad. I Steinkilen ligg det i dag to jakhytter, den eine er ei jordhytte. I Breiavad er det to hytter og ei steinbu. Frå Kvelven blei det i 1892 flytta eit stølshus. Det blei brukt som jakhytta og hadde stall. Jakhytta brant ned i 1988 og er no bygd oppatt igjen.

I Grjotdalen ligg det ei jordhytte frå 1878. Lenger nede, ved Krossvatnet, har fjellstyret satt opp ei ny hytte. I området rundt Krossvatnet er det ei rekkje dyregraver og bogastelle. Sør for nedre Leirnuten ligg det ein dyregrav, langs stien mot Litlafjellet ligg ein dyregrav og eit bogastille. Vest for Nøvlenuten finn ein eit bogastille/hidler.

Søraust for Breiavad ved Djuphola ligg det nok eit bogastille. Sør for vestre Kaldavatnet ved Dyralaupsvelven er det ein hidler. Her er det også ein brakke som blir nytta som jakhytte. Litt lenger sør, ved Kaldavadet, er det tre hidlere. Heilt aust ved Skorpo i nordkanten av Hellevatnet ligg det ein dyregrav (Bang-Andersen 1983a).

Ferdseigar mellom aust og vest finn ein også spor etter. Forbi hidleren ved Hitaberget går den viktige fjellvegen frå Bykle over Skreihidleren vidare mot Såto og Kvilldal. Fleire av ferdelsvegane er nå innarbeidde i rutene til turistforeningen.

Brudled er namnet på ein steinrekke som blei satt opp til minne om to brudefølger som møttes her.

4.4. Inngrep

KVANNDALEN OG HOLMAVASSÅNO

Frå vestgrensa for Holmavassåno biotopvernområde og inn til Holmavatn går det veg/bomveg og to kraftlinjer (375/420 kV) som delar Holmavassåno biotopvernområde i to. Sandvatnet blir oppdemt 21m og senka 9m (920-950). Holmavatnet blir oppdemt 4,5m og senka 5,5m (1048-1058). Inntaksbassenget Kvanndalsdammen blir oppdemt 10m, og det går veg fram til demninga. Isvatnet blir senka 10m (1285-1295). Det er planar om å ta inn Tverråna frå Litlavatn. Tverråna blir lagt i tunnel ca. 1 km ovanfor Sandvatnet og vatnet blir overført til Holmavatnet.

DYRAHEIO

Vestre Kaldavatnet blir demma opp 1,8m og senka 2,2m. Kaldsåna har derfor sterkt redusert vassføring ned til Gautevatnet. Vatnet blir ført over til Blåsjømagasinet via Vassdalane og Krossvatn, noko som fører til auka vassføring i vassdraget. Sør i Nøvletjørna er det ei demning og vatnet blir ført over til Skorpevadhøl som blir oppdemt 12,2m og senka 2,8m. Storåna nedanfor Skorpevadhøl får som følge av dette redusert vassføring.

Vassinntak i Kyrkjesteinåno, Jonsstølsåno, Gaukstølåno og nedanfor Grunnevatnet ligg alle rett utanfor landskapsvernombordet, og fører ikkje til endringar i vassføringa ovanfor. Bleskestadåno har redusert vassføring da Sandvatnet er oppdemt. Elva blir tatt inn i tunnel ca. 2 km nedanfor Bleskestadmoen.

4.5. Forureining


Dei to viktigaste kjeldane til forureiningsstoda i heiområdet er sur nedbør og radioaktivt nedfall.

SUR NEDBØR

Livsmiljøet for plantar og dyr i store delar av heiområdet Setesdal-Ryfylke er følsamt for sur nedbør p.g.a. tungt forvitrelege bergartar og lite lausmassar.



Figur 13: Nyastøl V for vestre Kaldafjell ved Hellefjell sett mot NNA. På Nyastøl slutta dei å støle i 1948.



Figur 14: Prostølen ligg på ei elveslette, og ein kan sjå tidlegare elveløp der det i dag er små vatn på elvesletta.

Vatna i eit kjerneområde inn mot Aust-Agder, som dekker Urdevatnet, Steinkilvatnet, Krossvatnet, v Kaldavatnet, har ein pH mellom 5 og 6. Ellers i områda nord, aust og sør for kjerneområdet ligg pH-verdiane mellom 6 og 7. Ingen av vatna er spesielt sure og det er ikkje aktuelt med kalking av vatna i området i dag.

Dei fleste fiskebestandene sør for Bottsvatn i Bykle har døyd ut som følge av sur nedbør (Wedege og Kvæven 1988).

I fleire undersøkingar er det påvist større førekomst av kadmium i nyrer hos rein i Setesdal-Ryfylke og Hardangervidda enn i område som er mindre påverka av sur nedbør. Ein del av dei undersøkte nyrene hadde meir kadmium enn det som blir anbefalt til konsum (Holt m.fl. 1985).

RADIOAKTIVT NEDFALL

Som følge av kjernekraftulukka i Tjernobyl har radioaktiviteten i villrein blitt undersøkt sidan 1986. Innhaldet av radioaktivitet i kjøt frå villrein i Setesdal-Ryfylke har vore langt under maksimumsgrensa for kva som blir anbefalt til konsum. Innhaldet av becquerell i reinsdyrkjøt har variert med høge verdiar om vinteren og lågare verdiar om sommaren. Erfaringane tyder på radioaktiviteten i t.d. lav vil komme ned på eit normalt nivå om 20-40 år (Meli 1989, Gaare m.fl. 1991).

5. INTERESSER KNYTTA TIL OMRÅDA

5.1. Verneinteresser

Følgjande kvalitetar ønskjer ein å sikre i heiområdet:

- samanhengen i området med nokre av dei siste urørte heiområda i Rogaland
- landskapet med variasjonen i naturtypar frå låg- til høghei, og kulturlandskapst
- eit rikt planteliv med mange næringskrevande artar
- viktige leveområde for villreinen og anna vilt

Område utan tekniske inngrep har verneverdi m.a. som referanseområde. I eit heiområde der store delar er påverka av inngrep, har dei gjenverande områda særleg høg verdi. På bakgrunn dei omfattande inngrepa i heiområdet er dei gjenverande områda utan tekniske inngrep særleg viktige å ta vare på. Store delar av Kvanndalen og Dyraheio er utan tekniske inngrep. Eit vern av eit samanhengande naturområde er viktig for å sikre området sin verdi både for dyreliv og friluftsliv. Samstundes er det eit viktig bidrag til å sikre verdiar vi har mindre kjennskap til og kjensler for, men som er ein del av samspelet og heilskapen.

Ein stor del av heiområdet Setesdal-Ryfylke har etter ei lang rekke større og mindre inngrep mista sitt preg av villmark. I Setesdal- og Ryfylkeheiane sitt vi att med om lag 500 km² eller snautt 10 % av heiområdet som ligg minst fem km frå tekniske inngrep som regulert vatn/vassdrag, veg eller kraftleidning. Alle vesentlege inngrep har skjedd etter 1955.

5.1.1. Geologi og landskap

Suldalsheiiane og Setesdalsheiiane er definert som to underregionar av fjellregionen i søndre del av fjellkjeden (naturgeografisk region 35a og 35b). Suldalsheiiane skil seg ut med næringsrike skifre og interessant flora.

Område som er typiske for ein naturtype eller region har verneverdi. Det typiske for fjellregionen er følgjande (NUB 1977:34):

- snaufjell
- subalpin bjørkeskog og barskog i djupare søkk og dalar
- høgdesoner med lavalpin lyngmark, mellomalpin grashei og høgalpin vegetasjon over 1300 m.o.h.
- bakkemyrer, særleg i sørvestre del av regionen
- stor variasjon i landskapsformer
- klimaet er kjølig og fuktig (kystpåverka) i vest og meir kontinentalt prega med mindre nedbør og større variasjon i temperatur i aust.
- lite lausmasser

Heiområdet er særprega ved at det er variert. Det viser overgangen frå kyst- og fjordnære fjellstrok til innlandsfjell. Dette avspeglar seg i geologien, vegetasjonen og dyrelivet. For å sikre variasjonen i landskapet må verneområda ha ein viss størrelse. Som følge av dei store reguleringane i området har fleire landskapstypar i området blitt sjeldne og såleis også eigenarta.

Variasjon i landskapsformer gir eit område verdi i vernesamanheng, særleg dersom det finst sjeldne landskapsformer. Landskapsform er samspelet mellom fjellformasjonar, geologi, lausmassar, vatn og vassdrag og vegetasjon.

I området finn ein urørte vatn og vassdrag, og lite påverke vassdrag som ovanfor vassinntaket i Gaukstølåno, Jonsstølåno og ved Grunnevatnet.

Landsdelskomiteen for Agder og Rogaland definerte seks hovudlandskapstypar i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane. Fleire av desse finn vi att i Kvanndalen og Dyraheio:

- I. Utprega langsgåande dal med dominerande vassdrag/vatn. Avrunda fjellside (oftast u-dal) med skarp overgang til snaufjell. Den nederste delen av dalsidene er dekka med rik vegetasjon, gjerne fjellbjørkeskog med innslag av staudar. Typeområde: Kvanndalen.
- II. Utprega langsgåande dal med lite dominerande vassdrag. Spreidde blokker. Mindre skarp overgang til snaufjellet ovafor (jf. type I). Vegetasjonen i botn og sider gjerne lyng, mose og gras.
- III. Mindre og større dalar, usystematisk. Bekkar, vatn og elvar i senkningane. Overgangane til snaufjellet mindre skarp. Avrunda til kvasse fjell innimellom. Bjørk, lyng og myr langs vatn og vassdrag. Typeområde: Bleskestadmoen.
- IV. Som II, men vegetasjonen er mindre utprega, ofte bart fjell. Blokker spreidd over områda. Snøleie i sidene. Typeområde: Grasdalsheia, Pjåkeheia.
- V. Område utan vesentlege dalar. Mindre dominerande fjelltoppar. Fast vegetasjon over større flater frå bjørk til lyng og mose.
- VI. Som V, men vegetasjonen og vesentlege lausmassar manglar. Ofte spreidde blokkar. Typeområde: Veneheia.

5.1.2. Vegetasjon og flora

Områda er godt egna som typeområde for sørvestleg fjellflora og rik fjellvegetasjon i indre Ryfylke / sørlege Vestlandet. Mange austlige og vestlige plantar har si grense for utbreiing i desse heiane. Området representerer eit allsidig naturtypeområde i fjellet i Rogaland.

Det totale antall karplanter i Kvanndalen er relativt høgt. Av særlig interesse er det høge antall fjellplanter. Mange fjellplanter veks her på eller nær sin utbredelsesgrense mot sørvest.

Tilsvarande utgjer området utpostforekomster for ein del vestlige artar. Kvanndalen viser derfor både floristisk og vegetasjonsmessig stort mangfold. Dette gir området betydelig verdi i plantogeografisk og anna botanisk samanheng (Meyer & Botnen 1983).

Plantelivet i Dyraheio har mangfold med m.a. kalkelskande artar og rik skiferflora som i Stranddalen og ved Grønafjell. Bergjunker veks i Noreg berre frå Dyraheio til Vormedalsheia i Ryfylke og ved Sulitjelma i Nordland.

5.1.3. Dyrelivet

Døme på område som har høg verneverdi er bjørkebeltet, som er viktige leveområde for viltet. Med bakgrunn i at stor verdifulle produksjonsområde er demd ned og at store delar av området er snaufjell er det særleg viktig å ta vare på dei gjenverande gode produksjonsområda.

Område med ein vital funksjon for villreinen som beiteområde og trekkvegar har høg verneverdi. Nokre av desse områda er samstundes truga som følge av inngrep eller ferdsel. Vi har eit nasjonalt og internasjonalt ansvar i å sikre villreinen. Kvanndalen og Dyraheio er spesielle ved at dei er del av det sørlegaste villreinområdet i Europa og eit av dei mest kystpåverka villreinområdet på fastlandet i Noreg.

Arbeidet med å sikre villreinen i heirområdet er særlig krevjande som følge av dei mange store vassdragsreguleringane, vegar, lite lavbeite, store snømengder og ising.

Holmavassåno biotopvernområde er ein viktig trekkveg for villreinen i området. Det er særleg viktig å sikre vår- og sommartrekka. Trafikk på og nær vegen som går gjennom området er ei viktig utfordring i arbeidet med sikring av villreinen sin bruk av området.

5.1.4. Kulturminne og -landskap

Menneska opplever den same naturen på svært ulike måtar. I dette ligg m.a. ei varierande forståing av kva som er urørt natur og kva for verdi urørt natur har. Stolar og stølstufter, jakt- og fiskebuer bryt med det urørte, men speglar av ei viktig del av livet i heiane. Dei fleste har stor glede av å sjå t.d. velhaldne stølstun og er samde i at stølstun høyrer med som ein naturleg del av eit heirområdet. Bygningar bør haldast vedlike og vera i bruk.

I hovudsak er heirområdet eit variert naturlandskap med svak kulturpåverknad gjennom beiting. Innimellan finn ein døme på kulturprega landskap som stølstun, beiteskog o.l.

Eit landskapsvernområde må ha bevart eit visst naturleg preg ved sida av at det kan vera påverka av aktivitetar som beite, slått, støling og jakt.

Dei kultur- og fornminnene som er att i Kvanndalen og Dyraheio er ekstra verdifulle fordi resten av området er så berørt av vasskraftutbygging. Dyraheio nord for Blåsjømagasinet er eit verdifult område som vitskapeleg (arkeologisk) referanse og for folks opplevelse av spor etter menneske i tidligere tider.

5.2. Friluftslivsinteresser

Heiane har blitt lettare tilgjengeleg og fått auka bruk som friluftsområde dei siste åra. Nye grupper og fleire folk brukar fjellet på nye måtar. Kvanndalen og Dyraheio har høg verdi for langturar i fjellet, kortare turar frå bygdane omkring, jakt og fiske. Interessa for korte fjellturar til lett tilgjengelege område har auka dei siste åra.

Det ligg 4 turisthytter innafør landskapsvernområdet: Strandalshytta, Krossvatn, Bleskestadmoen og Kvanndalen. Andre turisthytter som er knytta til løypenettet i Kvanndalen og Dyraheio er Haukeliseter, Holmavasshytta, Kvilldal, Mostøl, Sloaros, og Vassdalstjørn.

Kvanndalen har eit særprega og mektig landskap omgitt av høge fjell, og har ein rik og variert flora som gir muligheter for fine naturopplevelsingar. Dalen og turløypa heng naturleg saman med Haukelisæter som er eit vanleg utgangspunkt for fjellturar. Kvanndal turisthytte ved Svultanutligg er ubetjent, har 6 senger og ligg 630 m.o.h. Holmevasshytta er sjølvbetjent, har 20 senger og ligg 1120 m.o.h.

Bleskestadmoen blir nytta som gjennomfartsområde til høgheia og dei andre hyttene i området. Hytta er sjølvbetjent, har 15 senger og ligg 720 m.o.h. Området ligg i lågheisona med frodig bjørkeskog og gamle stølsanlegg, og er forholdsvis lite påverka av vassdragsregulering. Bleskestadåno har redusert vassføring.

Mostøl ligg utanfor landskapsvernområdet, men med veg heilt fram til hytta er stedet eit naturleg utgangspunkt for turar til Bleskestadmoen, Krossvatn eller Strandalen. Hytta er sjølvbetjent, ligg 600 m.o.h. og har 14 senger. Sjølv om det går veg inn i området og Gaukstølsåno og Jonsstølsåno er tørrlagd, har området verdi som friluftsområde.

Området rundt Strandalsvatnet er frå gammalt av eit mykle nytta turterreng for fotturistar. Her ligg Strandalshytta som er den einaste av de eldre turisthyttene som er nokonlunde urørt av kraftutbygging. Hytta i Strandalen er betjent om sommaren, elles er ho sjølvbetjent. Hytta har 35 senger og ligg 1000 m.o.h. Området er lett tilgjengelig, enten frå veg ved Saurdal pumpekraftstasjon ovanfor Kvilldal, eller frå veg ved Øvre Moen.

Ved Krossvatn er det ein sjølvbetjent hytte. Hytta ligg 1090 m.o.h. og har 24 sengeplassar. Befolkinga er i aukande grad på leiting etter områder utan tekniske inngrep for å drive friluftsliv jf. utviklinga elles i Europa. Dyraheio og Kvanndalen er i dag lett tilgjengelig med bil. På vestsida går det veg inn til Kvelvane i Kvanndalen, veg inn til Sandvatnet og til Mostøl og veg opp til Saurdal pumpekraftstasjon. Vegen inn til Øvre Moen og Blåsjømagasinet gjer fjellområda lett tilgjengelige med bil, med f.eks. berre to timers gange inn til Strandalen.

Naturkvalitetane i heiområdet gjer det attraktivt for fot- og skiturar. Området har høg verdi som turområde for folk frå heile landsdelen og turistar utanfrå. Eit godt utbygd turisthytte- og løypenett gjer området lett tilgjengeleg, men inneber òg ein konflikt i forhold til sårbare viltartar.

5.3. Næringsmessige interesser

Beitebruk, vedhogst, jakt, fiske, friluftsliv og reiseliv er dei mest vanlege måtane å bruke heiane på i samband med både næring og fritid i dag. Nye aktivitetar i reiselivs- og landbruksnæringa, knytta til ei næringsmessig utnytting av utmarka og bygninga i heiane, kan bli viktig i tida framover. Ei vanleg oppfatning blant grunneigarane i området er at det i framtida i større grad blir naudsynt å ta heile garden i bruk. Dette fører til at utmarka igjen blir viktigare for gardsdrifta.

5.3.1. Jordbruk / skogbruk / beitebruk

Fleire grunneigarar nemner moglegheiten for å byrje med støling igjen, men da etter moderne driftsformer som vil innebere vegbygging. Det føreligg ikkje konkrete planar for oppdyrkning, men ved fleire stølar er forholda gode for grasproduksjon. Det blir i dag ikkje slått nokon stad innafor det forslegne landskapsvernområde. Det er ønske om å bygge veg viss det blir aktuelt å ta opp stølinga igjen, ved eventuell nydyrkning eller ved anna og ny utnytting av utmarka.

Bjørkeskog finn ein rundt stølsområda i vestkanten av verneområdet. Ved Bleskestadmoen veks det spredt furu, noko furu veks òg rundt Jonsstøl. Dei sentrale områda av verneområdet ligg over skoggrensa. Det som føregår av skogsdrift er hogst av bjørk til ved for eige bruk eller salg.

Sauebeiting er i tillegg til jakt og fiske den viktigaste næringsinteressa i heiane. Heiebeite har høg verdi for sau. Heiane i Ryfylke er heilt avgjerande for det store sauehaldet i kommunar i Rogaland som ikkje har stort nok beitegrunnlag sjøl. Store beiteareal av høg verdi er demt ned. Det inneber ein vesentleg reduksjon i produksjonsgrunnlaget for landbruket.

5.3.2. Jakt / fiske / utmarksnæring

Heiområdet er eit av dei viktigaste jakt- og fiskeområda i Rogaland. Statsalmenningsa v/fjellstyret, har ein fast organisering av jakt- og fisketilbudet for ålmenta. I resten av området er jakt ein viktig ressurs for grunneigarane anten dei jaktar sjølv eller dei leigar ho bort.

For småvilt er det vanskeleg å kome med fellingsstat for området. Tala for Njardarheim i 1987-89 er i gjennomsnitt to rypar pr. km² og år. Jaktutbyttet var i gjennomsnitt 4,3 rypar pr. jeger og år. Jaktutbyttet er truleg likt eller betre i dei øvrige delane av heiområdet. Etterspørsla etter rypejakt er mykje større enn tilbodet.

Det blei gitt fellingsløyve på 328 villrein i Suldal kommune i 1990, 118 av desse blei felt.

Vatna og fisket i området er ikkje så påvirka av sur nedbør som store delar av områda austpå, der dei naturlege aurebestandane er borte som følge av forsuring og vassdragsregulering. Det er framleis aure i dei fleste vatna innafor verneområdet.

Utsetjing av kanadisk bekkerøye i reguleringsmagasin har vore vellukka og gitt grunnlag for fiske. Det ser ut til at vassdragskalking vil sikre høvet til å fiske på naturlege aurebestandar i forsuringstruga område. Det er i dag lite aktuelt med kalking innafor verneområdet.

Det vil framleis vera ønskje frå grunneigarane om å bygge hytter i heia til bruk i samband med landbruk, utmarksnæring, fiske og jakt.

5.3.3. Gardsturisme / reiseliv

Gardsturisme blir av mange grunneigarar vist til som eit mogeleg felt ein vil satse på i tida framover. Det er vanskeleg i dag å sjå for seg kva for omfang dette vil få i tida framover, men det kan bli ein viktig del av landbruket. Aktuelle former for gardsturisme innafor verneområdet kan vera bygging av utleigehytter, opprusting av stølsbebyggelsen for overnatting/utleige m.m. Når det gjeld bygging av utleigehytter er det fyrst og fremst aktuelt å bygge hytter nærmare veg og utanfor landskapsvernombordet.

Reiselivsnæringa har lite å seie i kjerneområdet i dag utover betjente turistforeningshytter. Sørvest for Dyrhaio ligg Gulling/Mosvatn som er eit av dei største reiselivsanlegga i nærleiken, saman med Haukelisæter nord for Kvandalen.

5.4. Utbyggingsinteresser

Trasear for gassrørleidning sør og nord for Blåsjø har vore til høyring. Saka har blitt utsett inntil vidare. Begge alternativa kan gi store negative konsekvensar for verneinteressene i heiområdet.

Tverrå-prosjektet vil føre til at vatnet frå Litlavatnet blir ført over til Holmavatnet, og at Holmavatnet blir ytterligare senka. Prosjektet er plassert i kategori 1 i Samla Plan. Området er allerede utbygd, med regulering av Holmavatnet og Sandvatnet.

6. KONFLIKTAR OG KONSEKVENSTAR AV VERN

6.1. Friluftsliv

Eit vern av landskapet vil som regel innebere ei sikring av grunnlaget for å utøve friluftsliv. Omfattande ferdsel i samband med friluftsliv kan føre til uroing av dyrelivet og enkelte stader vegetasjonsslitasje.

Regulering av ferdsel kan vera naudsynt for å unngå uroing av viltet, t.d. dersom det hindrar reinen frå å trekke eller av omsyn til hekkande rovfugl. Men der ein ønskjer å regulera ferdsel bør ein i første omgang satse på kanalisering av ferdsla framfor forbod.

Stavanger turistforening har eit godt utbygd turisthytte- og løpenett som gjer området lett tilgjengeleg. Det skulle derfor ikkje vera naudsynt med noko vidare omfattande tilrettelegging. Ein vidare fortetting av turisthytter og løyper er vanskelig å gjennomføre uten at det fører til meir uroing av villreinen. Det er derfor berre rom for ein begrensa tilrettelegging i framtida. Det vil bli stilt strenge krav til ein slik tilrettelegging, slik at ein unngår uroing av viltet og vegetasjonsslitasje. Forvaltingsstyresmakta vil krevja godkjenning av nye turruter før løyper kan merkast eller nye hytter settast opp. Nye friluftsaktiviteter kan bli eit problem enkelte stader. Aktiviteter som krever motor for gjennomføring er forbode i verneområdet. Fleire aktiviteter, som til dømes bruk av hest og terrengsykkel, kan i større omfang føre til store slitasjeproblem på vegetasjonen som kan gjere det aktuelt med regulering

6.2. Jordbruk / skogbruk / beitebruk

Vanleg drift av landbruksareala i landskapsvernombanen kan halde fram dersom det ikkje bryt med verneføremålet. Det vil seie at dagens bruk kan helde fram, og at ny drift kan starte opp så lenge dei ikkje fører til inngrep som vesentleg endrar landskapet. Det er ønskjeleg at stølsområda blir heldt i hevd og at beitinga held fram.

Vern og bruk er ei viktig problemstilling innafor verneområdet i høve til landbruk og kulturlandskap. For næringsmessig bruk ligg utfordringa i å få denne så natur- og miljøvenleg som mogleg. Urørt natur og det gamle kulturlandskapet har ein eigenverdi, og dei vil truleg bli ein viktig ressurs i framtida. Det er ikkje mogleg å kombinere ei sterkt utnytting og utbygging med ivaretaking av urørt natur.

I høve til landbruket ligg utfordringane i at bruken tek vare på det gamle kulturlandskapet der dette er verdfullt. Moderne landbruk og utmarksnæring sett som regel fleire og større spor etter seg enn gamle driftsmetoder. Vernereglane gir rom for ein meir eller mindre streng praktisering, spesielt i høve til landbruksinteressene. Ei vurdering av korleis ein best kan oppnå føremålet med vernet samstundes som ein opnar for landsbruksutnytting er vanskelig, men naudsynt. Dette gjeld først og fremst snauhogst, planering og vegbygging.

Ut frå verneomsyn er det vesentleg at karakteren til landskapet vert halden ved lag. Ut frå omsyn til det biologiske mangfaldet bør kulturmarkstyper av særleg verdi takast vare på.

Sidan det tradisjonelt er drive mykje stølsdrift i området, er det høve til å innpassa nye dyrkingsområde utan at hovedtrekk og særlege, variasjonsgjevande element i landskapet fell bort. Dette kan kanskje kombinerast med å hindra stølsvollar og slåtteområde å gro til med bjørk, einer og vier.

Ein kan vanskeleg sjå at det kan bli noko konflikt mellom beiting og vern. Beiting vil ikkje bli hindra av vernereglane for landskapsvernområda. Husdyrbeiting er ønskjeleg blant anna for at stølsområda ikkje skal gro att.

6.3. Jakt / fiske / utmarksnæring

Landskapsvernet sikrar hovudtrekka i landskapet og såleis grunnlaget for dyrelivet. Vern av trekkvegar og eventuelle kalveområde for villreinen, vil medverke til å oppretthalde livsvilkåra til villreinstamma.

Sikring av villreinen og anna vilt inneber at alle inngrep og ferdsel tek omsyn til viltet. I dette ligg m.a. at naudsynt aktivitet i samband med vedlikehald fyrst og fremst skjer når det ikkje er rein i området.

Eit vern av landskapet er gagnleg for fiske ved at det sikrar vatn og vassdrag utan vesentlege inngrep. Det vil framleis vera mogleg å setje ut fisk eller kalke dersom det blir aktuelt.

Det kan gis løyve til bygging av hytte til bruk i utmarksnæring. Ved handsaming av løyve for bygging av jakt- og fiskebuer skal ein ta omsyn størrelsen og terrengtilhøva på jakterrenget. Antall og avstand mellom hyttene skal vera slik at ein sikrar ein god utnytting av jakt- og fiskeressursane.

6.4. Gardsturisme / reiseliv

Utviklinga av denne delen av landbruket bør i det meste av heirområdet kunne samordnast med vern av kjerneområdet. Det kan gis dispensasjon til å setja opp hytte som er tenkt primært til utleige og ikkje til bruk i ressursutnytting dersom ho kan innpassast i eksisterande stølsmiljø, eller hytta er knytta til hovudsysselsetjinga på bruket og er med på å trygge denne.

Dei problema som kan oppstå, som t.d. bygging av hytter for overnatting, vil som regel ligge i randsona eller enda nærrare bygda. Ny bruk av bygningane og utvikling av stølsmiljøa kan hjelpe til å ta vare på desse viktige elementa i heirområdet og samstundes vera ein del av ei næringsutvikling.

Det er ønskjeleg at heirområdet skal kunne utviklast som ein ressurs for å kunne satse på utmarksnæring, turisme og anna næring i bygdelaga rundt.

Utviklinga av turisme og reiseliv vil vera sterkt knytta til nettet av turløyper i heia, m.a.o. turistar som søker naturopplevelingar. Urørt natur vil såleis vera ein viktig ressurs i tida framover. Ei utvikling av heirområdet og bygdene rundt bør leggje til grunn miljømål slik at ein sikrar naturgrunnlaget for komande generasjonar.

6.5. Motorferdsel i utmark

Føremålet med å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag er å verne om naturmiljøet og fremje trivselen. Ein ønskjer å unngå skader og ulykker som støy og forureining, terregnskader og konfliktar i forhold til dyreliv og tradisjonelt friluftsliv. Reguleringa gjeld alle typer motorferdsel: bruk av motorkøyretøy og motorfartøy, og landing og start med luftfartøy etc. Reglane om motorferdsel for landskapsvern- og biotopvernombordet er strengare enn Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Derfor bør søknader innanfor verneområdet håndsamast av forvaltningsstyretemakta først. Forvalningsstyretemakta bør sørge for koordinering der det er naudsynt med løyve også etter Lov om motorferdsel.

Reglane tar ikkje sikte på å nekte ferdsel som tjener allment godtekne nyttebehov. Det er først og fremst eventuell fornøyelsesprega ferdsel som regulerast. Køyring på barmark gir langt større terregnskader enn kjøring på vinterføre. Samstundes kan motorferdsel om vinteren vera eit større problem når det gjeld uroing av viltet. Dette tilseier ein generelt restriktiv haldning.

7. FORSLAG TIL VERN AV OMRÅDA

7.1. Behovet for vern

Urørte og lite påvirkna naturområde har ein eigenverdi og er ein del av vår nasjonale arv. Dessutan er urørt natur viktig å ta vare på for ettertida for:

- forskning/referanse
- å sikre eit representativt utval av naturområde med naturleg biologisk mangfald
- å gje trua, sårbare og andre verneverdige "kulturskye" dyr- og planteartar store nok område til å leve under naturlege tilhøve
- å gje grunnlag for rekreasjon i urørt natur
- å gje komande generasjonar høve til å prioritere arealbruk utifra eige ønskje

Vi er i dag i den situasjon at fleire landskapstyper står i fare for å forsvinne. Det kan enten henge saman med at den kulturpåverknaden som ein landskapstype er betinga av, heng saman med former for verksemder som no er forlatt. Dette er i stor grad tilfelle t.d. for stølslandskap og tradisjonelt jordbrukslandskap. Eller landskapstypen er utsatt for endring gjennom nye former for kultupåverknad, enten det skuldast meir intensivt landbruk eller tekniske inngrep.

Kulturhistorisk representerar det eit tap om vi mister landskapstyper som tidlegare var utbredt. Variasjon i landskapet er ein viktig føresetnad for rike opplevingar. Økologisk kan tidlegare landskapstyper prega av variasjon i utforming og vegetasjon vera rikare på artar og meir stabile enn einsarta bestandar som blir skapt gjennom moderne driftsmåter.

Det er derfor eit stigande behov for å verne landskapstyper. I mange tilfelle kan det skje gjennom nasjonalparkar og naturreservat. Særleg der kor det er snakk om kultupåvirka natur eller område kor det er ein føresetnad med ein viss næringsdrift, kan formen landskapsvernområde vera å foretrekke (Backer 1986).

7.2. Forslag til verneform

Landskapsvern

Lov om naturvern har følgjande føremålsparagraf:

§ 1: "*Naturen er en nasjonal verdi som må vernes. Naturvern er å disponere naturressursene ut fra hensynet til den nære samhørighet mellom mennesket og naturen, og til at naturens kvalitet skal bevares for fremtiden. Enhver skal vise hensyn og varsomhet i omgang med naturen. Inngrep i naturen bør bare foretas ut fra en langsiktig og allsidig ressursdisponering som tar hensyn til at naturen i fremtiden bevares som grunnlag for menneskelig virksomhet, helse og trivsel.*"

Landskapsvernområde er definert som følgjande:

§ 5: "For å bevare egenartet eller vakkert natur- eller kulturlandskap kan arealer legges ut som landskapsvernområde. I landskapsvernområde må det ikke iverksettes tiltak som vesentlig kan endre landskapets art eller karakter. Fylkesmannen avgjør i tvilstilfelle om eit tiltak må anses å ville endre landskapets art eller karakter vesentlig."

Landskapsvern er den mildaste forma for områdevern etter naturvernlova.

Landskapsvernområde er vern mot tiltak som "vesentlig kan endre landskapets art eller karakter". Dette er såleis eit mindre omfattande vern enn det som gjeld nasjonalparkar. Landskapsvernomgrepet stiller ikkje same krav om store område, urørt natur og statleg grunn. Landskapsvern er godt eigna til bruk i store naturområde der ein ikkje treng så strenge verneregler som i nasjonalparkar eller naturreservat. For kulturlandskap, som til dels skal utnyttast økonomisk, er landskapsvernområde den einaste verneformen som kan nyttast etter naturvernlova. Landskapsvernområde kan også oppretta tilknytting til kulturminne (Backer 1986).

Landskapsvern etter § 5 i naturvernlova er vurdert som ei godt eigna og tilstrekkeleg form for vern av Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde.

Hovudformålet med landskapsvernet er å sikre heilheita i landskapsbiletet. Utnytting som er i gang, ofte nemnd som tradisjonell bruk, kan som regel halde fram uhindra av vernereglane. Såleis er jordbruk og skogbruk som tek rimeleg omsyn til landskapet, tillate i mange landskapsvernområde. Det er ønskjeleg å behalde ein kulturpåverknad gjennom t.d. husdyrbeiting og hogst i området for å unngå tilgroing eller andre uønska endringer i landskapsbiletet (Backer 1986 og Abrahamsen og Bakken 1984).

Verneformen landskapsvernområde skal i utgangspunktet tillate drift av jord- eller skogbruk. Fortsatt drift er ikkje avgrensa til tradisjonelle bruksmåter, så lenge omsyn blir tatt til landskapet i samband med slik drift.

For å sikre dyrelivet må ein verne om viltet og leveområda. Eit landskapsvern inneber ikkje noko direkte vern av dyrelivet utover det generelle vernet i viltlova. Eit landskapsvern sikrar leveområda for viktige viltartar mot uheldige tekniske inngrep. For å sikre viltet mot uroing kan ein nytte § 22 1. ledd i naturvernlova:

"I landskapsvernområder kan Kongen forby enhver ferdsel hele året eller en del av året når det anses nødvendig for å bevare plante- eller dyrelivet eller geologiske forekomster."

Skjøtselstiltakene frå forvalningsstyresmakta si side kan ikkje gå vesentleg lenger enn det som er naudsynt for å oppretthalde naturtilstanden eller landskapsbilete på fredningstidspunktet. Forvalningsstyresmakta har til ein viss grad heimel til å reversere ein naturleg prosess, men kan ikkje skape heilt nye miljøer.

Tekniske inngrep skal vanlegvis ikkje finne stad i eit landskapsvernområde, eller dei må i alle fall vera så beskjedne at dei ikkje endrar landskapsbilete.

Det må m.a. bli tatt omsyn til kva slags inngrepstype det er snakk om, omfanget av inngrepet, om inngrepet er sjemmende i forhold til miljøet på staden og om inngrepet vil gi uheldige langtidsverknader på miljøet rundt.

Gamle bygningar og anlegg særleg knytta til stølsbruk og jakt/fiske, samt ferdelsårer, kan vera viktige tilleggsmotiv for å oppretta landskapsvernområde. Men kulturminna må til ein viss grad prega landskapskarakteren for at landskapsvernreglane skal trygga dei. Andre verneformer etter naturvernlova gir ikkje heimel til særskild vern og skjøtsel av kulturminne. Vern av bygningsmiljø må skje etter kulturminnelova eller ved regulering til antikvarisk spesialområde etter plan- og bygningslova.

Biotopvern

Når det gjelder bruk av biotopvern etter viltloven på trekkvegen ved Holmavassåno er dette i tråd med plan for "Heiområdet Setesdal - Ryfylke" frå 1986. Området er preget av to kraftlinjer, anleggsveg og to regulerte vann, og eignar seg ikke som landskapsvernområde. Samtidig vil det vera uheldig om området blir liggende uten forskrift som kan forby eller regulere inngrep og uheldig ferdsel. Området knytter saman de to landskapsvernområdene og blir enda viktigere når Dyraheio landskapsvernområde i Bykle kommune, Aust-Agder blir opprettet (etter plan for "Heiområdet Setesdal -Ryfylke").

Heimelen for forslaget om biotopvern er viltlova § 7, 2.ledd om "vern av viltets leveområder (biotopvern)":

"I områder som har særlig verdi for viltet, kan Kongen fastsette forbud mot anlegg, bygging og annen virksomhet, herunder ferdsel, dersom dette er nødvendig for å bevare viltets livsmiljø. ... "

Vern av spesielle trekkvegar og kalveområde for storvilt er i Ot. prp. nr. 9 (1980-81) nemnd som typiske døme på aktuelle biotopvernområde. Departementet peiker på ei generell erkjenning av at menneskeleg verksemd som regel er til skade for viltet og at ein trekkveg for storvilt er eit typisk område som kan trenge vern mot bygging og anlegg.

Biotopvern etter viltlova gir heimel til å forby eller regulere all menneskeleg aktivitet heile eller delar av året. Reglane for biotopvernet må vera "nødvendig for å ta vare på viltets livsmiljø."

7.3. Forslag til avgrensning og soneinndeling

Avgrensinga av Kvanndalen landskapsvernområde, Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde er i stor grad den same som i heiplanen "Heiområdet Setesdal - Ryfylke" frå 1986.

Mindre justreingar er gjort. Avgrensinga av Kvanndalen landskapsvernombordet er justert i sør der det meste av inntaksbassenget i Kvanndalen er tatt ut av området. Vestgrensa er justert så den stort sett følger eigedomsgrensa mellom 68/1 og 64/1.

Holmavassåno biotopvernombordet er redusert i storleik til å ommfatte berre trekkvegen mellom Holmavatnet og Sandvatnet. Eit mindre område vest for Sandvatnet er tatt ut av verneplanen, området kring Isvatnet og Litlavatnet er tatt inn i Kvanndalen landskapsvernombordet.

Avgrensinga av Dyraheio landskapsvernombordet er flytta 600 m vestover frå Havrenosnibba for å få med eit rikt sig med næringskrevjande planter. Grensa ved Næverhatten er flytta vestover for å få med vestskråninga under Raudnuten med fylittskifer og fleire sjeldsynte planter. Grensa er flytta 300 m vest for Jonsstøl, slik at stølstunet ligg innanfor landskapsvernombordet. Grensa gikk før tvers gjennom stølstunet. Grensa mellom Reinskvelven og Dyrskardnuten er flytta vestover og går over høgde 860 og Børo - for å få ei grense som er lettare å finne att i terrenget.

Soneinndeling

Utfordringane ein står overfor i forvaltninga av verneområder vil truleg vera best å ta stilling til ved å dele verneområda inn i soner. Sonene vil ha ulike målsettingar med omsyn til vern og bruk. Vern av natur er likevel det overordna målet for kvart enkelt verneområde, og verneforskrifta for området vil vera den same for heile området også ved soneinndeling.

For å sikre sårbare villreinområde og urørte område kan ein skile ut desse som særskilde vernesoner. I desse områda skal omsynet til naturvern og vilt vera klårt dominerande i høve til andre interesser. I dei særskilde vernesonane vil praktiseringa av vernereglane vera strengare enn i dei øvrige verneområda.

Det vil vera ønskjeleg å danne soner der det kan vera få restriksjonar av omsyn til verneføremålet. Dei områda det er konflikter i bør delast opp i soner der det kvart tilfelle blir konkretisert kva som skal vera lov.

Korleis ein skal dele områda inn i soner bør ein kome tilbake til ved revisjon av forvaltningsplanen, etter at ein har fått noko røynsle med forvaltninga.

Ei soneinndeling av stølsområda og delar av lågheia som brukssone vil vera naturleg, da det er i desse områda som er mest aktuelle i samanheng med landbruk.

Høgheia langs fylkesgrensa mot Aust-Agder frå og med Meien og sørover kan bli sone med urørt natur. Desse områda blei nemnt som sone utan tilrettelegging ved høyringa av Norsk sti- og løypeplan.

Spesielt viktige trekkveger for villreinen kan vera aktuelt å legge ut som spesiell vernesone.

Ei arbeidsgruppe nedsett av Direktoratet for naturforvaltning har kome fram til 4 typer soner som ein kan bruke:

1) Spesiell vernesone

Dette er område som treng spesielt vern på grunn av eneståande eller trua natur- eller kulturverdiar. Her kan det vera aktuelt å regulere ferdsel. Som ofta dekker slike område relativt små areal. Døme på område som bør bli spesiell vernesone er, kalvingsområder for rein, særleg verdefulle våtmarksområder eller myrområder.

2) Soner med urørt natur

Som ofta er dette villmarksprega område der naturvernensyn er overordna andre interesser. Områda skal haldast utan innrep og uten tilrettelegging. Denne sonen tilsvrar sone 1 i Norsk sti- og løypeplan.

Sone 1 i Norsk sti- og løypeplan er areal for friluftsliv utan tilrettelegging av noko slag. Det skal ikkje lagast nye innretningar for friluftsliv. Eventuelle eksisterande stier bør ikkje nymerkast. Andre eksisterande innretningar slik som bruar, klopper eller lignande må kunne vedlikehaldast.

3) Brukssoner

Dette er område der føremålet er å halde på det naturlege miljøet, men kor likevel ein del tiltak og inngrep kan tillatast, som merking av stiar og bygging av turlagshytter innafor eit planlagt rutenett. Denne sona tilsvrar sone 2a og 2b i Norsk sti- og løypeplan, tilrettelagte naturområde.

Sone 2a i Norsk sti- og løypeplan er tilrettelagte naturområde med ein enkel grad av tilrettelegging. Her kan det vera ubetjente eller sjølbetjente hytter med ein kapasitet på maks. 20-30 senger. Rutenettet er enkelt og uten kvisting i vintersesongen. Enkle suppleringar og nye ruter kan skje etter nøye avveging mot andre interesser knytta til naturforvaltning. Sonen skal omfatte område der ein ønskjer, eller som berre tåler, begrensa ferdsel.

I sone 2b i Norsk sti- og løypeplan kan det også skje ein enkel tilrettelegging, men med ein større kapasitet enn i sone 2a. Området kan ha betjente turisthytter, tettare rutenett med alternative ruter mellom hyttene, og kvisting i vintersesongen. Supplering og nyetablering av rutenett og hytter (kapasitet) må skje i samråd med andre interesser.

4) Soner med spesielle inngrep

Dette er område der det enten er gjort spesielle inngrep som vassdragsregulering, eller ein legg forholda tilrette for ferdsel og kan opne for spesielle brukarinteresser.

Som oftast er dette mindre område av heilt spesiell interesse for visse grupper. Vanlegvis bør slike område leggast utanfor verneområda. Døme på slike område kan vera areal rundt store betjente turisthytter, transportanlegg etc.

7.4. Forvaltning

Til nå har norsk områdevernpolitikk for nasjonalparker og større verneområder gått ut på verne uten å legge særleg vekt på forvaltning og skjøtsel. Forvaltninga har vore passiv og med vilje varsam på grunn av små økonomiske ressurser. Forvaltningsplanar for nasjonalparker og større verneområder har bakgrunn i ynskje om ein meir aktiv forvaltning og større differensiering både mellom verneområdene og innafor kvart område.

Delegering

Delegering av ansvar for naturforvaltning til kommunane har vore ein del av reformprogrammet miljøvern i kommunane (MIK). 25 kommunar i landet tek del i eit forsøk der kommunane m.a. får ansvaret for forvaltning av område verna etter naturvernlova med følgjande viktige arbeidsoppgåver:

- utarbeiding av forvaltningsplan
- oppsyn
- dispensasjonar

Det er ønskeleg og naturleg at fylkesmennene og kommunane finn ein praktisk måte å fordele ansvar og arbeidsoppgåver på i samband med vern i heiområdet. Delegering av ansvar for einskilde verneregler til kommunane kan vera eit ledd i dette. Ein føresetnad for ei slik delegering er at kommunen har fagleg kompetanse, d.v.s. ein miljøvernrådgjevar e.l.

Plan for oppsyn

Det er vanleg at det blir oppretta eit oppsyn i område verna etter naturvernlova. Det er viktig at oppsynet blir kobla saman med det eksisterande oppsynet. Utarbeiding av ein slik plan bør gjerast i forvaltningsplanen.

Tilsynsutval / kontaktutval

Til å hjelpe Fylkesmennene i forvaltninga av verneområda skal det opprettast eit rådgjevande kontaktutval med representantar frå kommunar, grunneigarorganisasjonar og fagetatar. Andre organisasjonar som t.d. turistforeining, kraftselskap, jeger- og fiskerforbund kan vera representert i utvalet. Utvalet skal ha 6-10 representantar og eit fast sekretariat.

Utvalet bør drøfte prinsipielle spørsmål og gje råd til forvalningsstyresmakta med omsyn til praktiseringa av verneforskriftene.

7.5. Forvaltningsplan

Ein forvaltningsplan har blitt utarbeida parallelt med verneplanen for Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde.

Føremålet med forvaltningsplanen er at han skal vise praktiseringa av verneforskriftene, og hjelpe til å oppretthalde og fremje verneføremålet med minst mogeleg ulemper for andre brukarinteresser.

Forvaltningsplanen inneheld ei kortfatta skildring av verneområdet, med spesiell vekt på verneverdiane og opplysningar som er relevante for praktiseringa av verneforskriftene, tiltak og skjøtsel.

Forvaltningsplanen skal gi retningsliner for korleis forvaltningsstyresmakta vil handsame og vurdere ulike problemstillingar og tiltak som ein rekner som aktuelle. Planen er såleis ein redskap som både skal fremje verneføremålet, og bidra til ei smidig forvaltning i landskapsvernområdet. Forvaltningsplanen skal i prinsippet omfatte alle aktuelle aktivitetar og tiltak i Kvanndalen og Dyraheio, og er ikkje ein sektorplan for landbruket.

Forvaltningsplanen tek først og fremst for seg praktiseringa av verneforskriftene. Etterkvart kan det bli aktuelt med ein meir detaljert tiltak og skjøtselsplan for å hindre tilgroing og for å ta vare på kulturminna, men foreløpig ser ut til at Kvanndalen og Dyraheio blir skjøtta best ved å brukast fornuftig.

Det er ikkje vanleg å lage forvaltningsplan samstundes som ein legg fram ein verneplan, og han bør oppfattast som ei første skisse. I første omgang er det aktuelt med ei enkel omarbeiding i samband med höringa. Ein bør truleg legga opp til ein snarleg, meir omfattande revisjon eller utarbeiding av ein detaljert plan som t.d. tar opp stølsområda dersom dei blir verna. Ved revisjon av forvaltningsplanen vil det vera naturleg å leggje vekt på resultata frå fleirbruksplanarbeidet for Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane. Fylkesmannen skal godkjenne forvaltningsplanen.

7.6. Forholdet til tilgrensande område

Det vil ha mykje å seie for landskapsvernområdet at kvalitetar og verneverdiar i tilgrensande område vert tekne vare på, noko kommunen og grunneigarane har hovudansvaret for. Dessutan er mange av områda som grenser til landskapsvernområda, som til dømes sentrale innfallsportar, viktige i samband med forvaltninga av verneområda. Når det gjeld villreinen er alle fjellområda vest for Blåsjø viktige, der landskapsvernområda berre er ein del av leveområdet til villreinen.

Området nord og aust for Kvanndalen over fylkesgrensa til Hordaland, Odda kommune og Telemark, Vinje kommune må ein vurdere samla av omsyn til villreinen. Eit samarbeid på tvers av fylkes- og kommunegrenser er naudsynt, og ein må vurdere kva slags status områda som grenser inn til landskapsvernombordet skal ha.

Området sør for Dyraheio landskapsvernombordet og vest for Blåsjømagasinet er prega av vassdragsregulering og anleggsvegar. Området er viktig for villreinen. Anleggsvegen ved Øvre Moen delar seg i to, ein veg går inn til Skreivassdammen og ein går i tunnel frå Øvre Moen til Veneheia og Oddatjønn. Tunnelen blir ikkje brukt da den ikkje er sikkra, og ein veg parallelt med tunnelen blir nytta i staden. Då konsekjonen blei gitt for bygging av denne vegen, var eit av vilkåra at vegen skulle gravast att når anleggstida var over. Fersel på anleggsvegane fører til uroing av villreinen. Når vegen er nedsnødd kjem villreinen tilbake. Spørsmålet er om ein skal fortsette å tillate fri fersel på desse vegane. Ein må vurdere kva slags status området skal ha - til dømes biotopvernombordet med heimel i viltlova eller spesialområdet med heimel i Plan- og bygningslova - for å kunne regulere fersela i området.

Sjølve Dyraheio held fram over fylkesgrensa til aust-Agder i Bykle kommune. Dei to områda må ein sjå på i samanheng når ein vurderar verneverdiane og omsynet til villreinen. Det bør vera eit mål at det blir oppretta landskapsvernombordet i høgheia også på andre sida av fylkesgrensa.

Randområda på vestsida av landskapsvernombordet er merka som LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen. Utnyttinga av dette området vil ha virkning på dyrelivet og landskapet som grenser opp mot verneområdet.

Forvaltninga av dei tilgrensande områda rekner ein med blir tatt opp mellom anna i fleirbruksplanlegginga av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane. Problemstillingar og utfordringar i dei tilgrensande områda vil i stor grad vera dei same som innafor landskapsvernombordet.

8. LITTERATUR

Abrahamsen, T. og Bakken O. 1984. Landskapsvernområder - en analyse av verneformen. Semesteroppgave ved hovedkurs i naturforvaltning ved Norges landbrukshøgskole. Ås-NLH.

Arkeologisk museum i Stavanger 1975. Arkeologisk datarapport fra Ulla/Førreundersøkingane 1974. Stavanger.

Arkeologisk museum i Stavanger 1983a. Registeringer av arkeologiske kulturminner i Kvanndalen i tidsrommene 19-24.06.83 og 31.07-12.08.83. Stavanger.

Arkeologisk museum i Stavanger 1983b. Registrering av etnologiske kulturminner i Kvanndalen i tidsrommene 21-24.06 og 29-30.09.83 i samband med planar om vasskraftutbygging. Stavanger.

Backer, I. L. 1986. Naturvern og naturinngrep. Forvaltningsrettslige styringsmidler. Universitetsforlaget, Oslo.

Bang-Andersen, Sveinung 1974. Opplysninger om kulturminner og bergkrystallokaliteter diverse steder i Suldal- og Bykleheiane. (Rogaland, Aust-Agder og Telemark fylke). Stavanger.

Bang-Andersen, Sveinung 1983a. Kulturminner i Dyrægio. Samanfatning av arkeologiske registreringer utført 1972-1979 i Suldal-, hjelmeland- og Bykleheiane i Rogaland og Aust-Agder som ledd i Ulla/Førre-undersøkelsene. AmS-Varia 12. Arkeologisk museum i Stavanger, Stavanger.

Bang-Andersen, Sveinung 1983b. Innberetning om prøvestikking etter åpne steinalderlokaliteter i øvre del av Kvanndalen i Suldalsheiane sommeren 1983. Stavanger.

Bang-Andersen, Sveinung 1984. Notat om fortsatt registrering av kulturminner innenfor det planlagte magasinområdet i øvre del av Kvanndalen i Suldalsheiane sommeren 1984. Stavanger.

Dahl, Ove 1906. Botaniske undersøgelser i indre Ryfylke. I. Christiania Videnskaps-Selskabs Forhandlinger for 1906 no. 3, s. 26-35. Jacob Dybwad, Christiania.

Dahl, Ove 1907. Botaniske undersøgelser i indre Ryfylke. II. Christiania Videnskaps-Selskabs Forhandlinger for 1907 no. 4, s. 1-14. Jacob Dybwad, Christiania.

Direktoratet for naturforvaltning 1989. Rapport nr. 7 - 1989. Forvaltning av naturområder i Norge. Trondheim.

Direktoratet for naturforvaltning 1990. Forslag til mål og retningslinjer for norsk sti- og løypeplan. Høringsutgave. Del 1 - arealbehov og tilrettelegging for lengre fotturer og skiturer i Norge. Tilråding fra en prosjektgruppe oppnevnt av Direktoratet for naturforvaltning. Trondheim.

Eide, Frøydis & Arvid Odland 1981. Botanisk befaring i Røldal-Suldal i Forbindelse med videre kraftutbygging i området. Med et forslag til en flora-, vegetasjons- og vegetasjonshistorisk undersøkelse. Botanisk institutt. Universitetet i Bergen.

Foldøy, Oddveig 1988. Kvanndalen var "den beste seterdalen" i Suldal. I Stavanger Turistforening, Velkommen til fjells. En håndbok for turer fra Haukeliseter i nord til Frafjord i sør. Stavanger.

Fylkesmannen i Buskerud, miljøvernnavdelingen 1991.
Skjøtselsplan, Hydalen landskapsvernområde, Hemsedal. Drammen.

Fylkesmannen i Nordland, miljøvernnavdelingen 1990. Rapport 6:90. Forvaltningsplan for de verna områdene i Saltfjellet. Bodø.

Fylkesmannen i Rogaland 1986. En oversikt over naturforhold og verneinteresser i Vormedalsheia og Lusaheia i Hjelmeland kommune, Rogaland. Stavanger.

Fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland 1984. Setesdal Vesthei. Inngrepsoversikt i perioden 1973-1984. Kristiansand.

Fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland 1991.
Heiområdet Setesdal - Ryfylke, foreløpig utkast til verneplan av 29. mai 1991.
Kristiansand.

Gaare, E., Jonsson, B., Skogland, T. og Steinnes, E. 1991. Tsjernobyl - sluttraport fra NINA's radioøkologi-program 1986-1990. Oversikt over resultatene. Norsk institutt for Naturforskning, temahefte 2 s. 9-13. Trondheim.

Hansen, Finn Berg & Anne-Cath. Slette 1987. Verneverdige natur- og friluftsområder i Suldal kommune - en registrering. Telemark distrikthøgskule, Bø.

Holmen, Tora M. 1973. Ulla - Førre undersøkelsene. Årsrapport 1973. Arkeologisk museum i Stavanger. Stavanger.

Holt, G., Norheim, G. og Frøslie, A 1985: Tungmetaller hos vilt i Norge. Foredrag på seminar om sur nedbørs virkning på skog og fauna. Norsk landbruksakademikerforbund, Agder krets og Miljøverndep., red. T. Egerhei, s. 105-113.

Høifjellskommisjonen 1931. Høifjellskommisjonens kjennelser av 2nen september 1931 efter høifjellsloven av 8de august 1908 § 2a angående: I: Ryfylke-Bykleforretningen av 3dje felt. II: Valleforretningen av 3dje felt. III: Sirdalsforretningen av 3dje felt. IV: illeggskjennelse i Røldalsforretningen av 1ste felt. Grøndahl & søns boktrykkeri. Oslo 1931.

Meli, J. J. 1989. Radioaktivitet i vilt. Villreinen 3. årg. s.18.

Meyer, Ole Berger & Astrid Botnen 1983. Flora og vegetasjon i Kvanndalen, Suldal, indre Ryfylke. Botanisk institutt. Rapport 31. Universitetet i Bergen.

NOU 1974:39. Fjellplan for Setesdal Vesthei. Universitetsforlaget, Oslo, Bergen, Tromsø.

NOU 1986:13. Ny plan for nasjonalparker. Universitetsforlaget, Oslo.

NU B 1977:34. Nordisk Utredningsserie. Naturgeografisk regionindelning av Norden. Stockholm.

Planfagleg rådgjevingsgruppe 1986. Heiområdet Setesdal-Ryfylke. Framlegg til mål og retningslinjer for arealbruk. Framlegg frå ei planfagleg rådgjevingsgruppe for heiområdet Setesdal-Ryfylke oppnemnt etter initiativ frå fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland. Kristiansand.

Prøsch-Danielsen, Lisbeth 1990. Vegetasjonshistoriske studier fra Suldal og Sauda kommuner, Nord-Rogaland. AmS-Rapport 2. Arkeologisk museum i Stavanger. Stavanger.

Steinnes, Audun 1988: Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland. Økoforsk rap. 1988:12. Ås-NLH.

Styringsgruppa for forprosjektet til fleirbruksplanen for Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane 1991. Fleirbruksplan for Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane. Forprosjektet. Kristiansand.

UFU 1975. Arkeologisk datarapport fra Ulla/Førre-undersøkingane 1974. Arkeologisk museum i Stavanger. Stavanger.

UFU 1978. Arkeologisk datarapport fra Ulla/Førre-undersøkingane 1976 og 1977. Arkeologisk museum i Stavanger. Stavanger.

UFU 1982. Arkeologisk datarapport fra Ulla/Førre-undersøkingane 1978 - 1982. Arkeologisk museum i Stavanger. Stavanger.

Veka, Johan 1988. Bleskestadmoen. I Stavanger Turistforening, Velkommen til fjells. En håndbok for turer fra Haukeliseter i nord til Frafjord i sør. Stavanger.

9. VEDLEGG

Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde i Suldal kommune, Rogaland fylke

I

I medhald av Lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 5, jf. § 6 og §§ 13, 21, 22 og 23 er eit område i Suldal kommune verna som landskapsvernområde ved Kgl. res. av xx.xx.199X under namnet "Dyraheio landskapsvernområde".

II

Området omfattar heile eller delar av følgjande gards- og bruksnummer i Suldal kommune: 38/1, 39/1,2, 40/1,2, 41/2, 42/1,2,3, 43/1,2, 54/1,2,3, 55/1, 56/1,2,3, 57/1,2, 66/1, 67/1,3, 68/1,2,3,4,5, 137/Suldal statsallmenning.

Området dekker eit areal på ca. 300 km².

Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk 1:100 000, datert Miljøverndepartementet XX.XX.199X. Kart og verneforskrift blir oppbevart i Suldal kommune, hos Fylkesmannen i Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunktene bør koordinatfestast.

III

Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv, verdifulle stølsområde og beitelandskap og eldre og nyare kulturminne etter støling, heiebeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

IV

For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Landskapet

1.1. Det må ikke gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet sin art eller karakter. I dette medrekna:

- a) oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, veg, parkerings- og rastepplassar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak, utfylling eller oppfylling av masse, drenering eller tørrlegging, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, framføring av luftleidningar eller røyrgater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, e.l.

Opplistinga er ikke fullstendig.

- b) nydyrkning, treslagsskifte, granplanting, skogreising og snauhogst dersom kvar hogstflate er større enn 2 dekar, er forbode. Det er forbode å felle særmerkte og dekorative tre, gaddar og daude tre som er med på å prega landskapet, og som er viktig for dyrelivet.

1.2. Reglane i punkt 1.1. er ikke til hinder for:

- a) Vanleg drift av landbruksareala i landskapsvernområdet som ikke bryt med verneføremålet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynt for fedrifta, uttak av skog som motsvarar den årlege tilveksten, hogstflatene som er mindre enn 2 dekar og som ligg meir enn 40 meter fra kvarandre, vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk. Det er ønskjeleg at stølsområda blir haldne i hevd.
- b) Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvalningsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdelsen i einskilde område.

1.3. Når verksemda kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet kan forvalningsstyresmakta eller den forvalningsstyresmakta gje fullmakt, på nærmare vilkår gje løyve til:

- a) Endring, ombygging eller utviding av vegar, bygningar og andre eksisterande anlegg. For restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må eventuelle løyve gjevast i samråd med fylkeskonservatoren.
- b) Nydyrkning, oppføring av bygningar og anlegg tilknytta landbruksdrift når planane er godkjende i samråd med landbruksstyresmakta.

- c) Snauhogst, treslagskifte, skogreising eller anna skogdrift når planane er godkjende i samråd med landbruksstyresmakta.
- d) Bygging av jakt-, fiskebuer o.l. som sikrar ein god næringsmessig utnytting av jakt, fiske og andre utmarksressursar.
- e) Bygging av hytter o.l. som er ein del av turløypenettet i fjellet.
- f) Etablering av nye stiar og løyper.

2. Plantelivet

- 2.1. Bergjunker og plantesamfunn med denne arten er verna mot skade og øydelegging som ikkje følgjer av tradisjonell bruk av området til landbruk, vanleg ferdsel, jakt og fiske.

3. Motorferdsel

- 3.1. Motorisert ferdsel i utmark og i vassdrag, flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode.
- 3.2. Reglane i punkt 3.1. er ikkje til hinder for:
 - Motorferdsel, dersom marka er så frosen at køyretyet ikkje gjer skade, i samband med person- og godstransport i jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og bærskanking blir her ikkje rekna som næring), og transport til og frå turisthytter av mat, utstyr og søppel. Forvalningsstyresmakta kan innføre meldeplikt for køyring i utmark.
- 3.3. Når verksemda kan skje utan at det stirr mot føremålet med vernet kan forvalningsstyresmakta eller den forvalningsstyresmakta gje fullmakt, på nærmare vilkår gje løyve til:
 - Motorferdsel i utmark og i vassdrag og landing med luftfartøy.

- 4. Større organisert arrangement og annan aktivitet**
 - 4.1. Større organisert arrangement er forbode.**
 - 4.2. Reglane i punkt IV er ikkje til hinder for:**
 - Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsøyemed. Vanleg vedlikehald og drift av kraftliner og -installasjonar.
 - 4.3. Forvalningsstyresmakta eller den forvalningsstyresmakta gje fullmakt kan gje løyve til større organisert arrangement.**

V

Forvalningsstyresmakta eller den forvalningsstyresmakta gje fullmakt, kan setje i verk tiltak for å fremje føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningsliner for gjennomføring av tiltak når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving.

VI

Forvalningsstyresmakta eller den forvalningsstyresmakta gje fullmakt, kan gjere unntak frå vernereglane for vitskaplege granskningar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller i særskilde høve når det ikkje stirr mot føremålet med vernet.

VII

Forvaltninga av forskrifta er lagt til fylkesmannen i Rogaland.

VIII

Desse fredningsforskriftene tek til å gjelde straks.

Forskrift om vern av Kvanndalen landskapsvernområde i Suldal kommune, Rogaland fylke

I

I medhald av Lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 5, jf. §§ 6, 13, 21, 22 og 23 er eit område i Suldal kommune verna som landskapsvernområde ved Kgl. res. av xx.xx.199X under namnet "Kvanndalen landskapsvernområde".

II

Området omfattar heile eller delar av følgjande gards- og bruksnummer i Suldal kommune: 68/1, 16, 26, 53, 69/1, 3.

Området dekker eit areal på ca. 84 km².

Grensene for landskapsvernåretet går fram av vedlagde kart i målestokk 1:62 000, datert Miljøverndepartementet XX.XX.199X. Kart og verneforskrift blir oppbevart i Suldal kommune, hos Fylkesmannen i Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunktene bør koordinatfestast.

III

Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv, verdifulle stølsområde og beitelandskap og eldre og nyare kulturminne etter støling, heiebeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

IV

For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Landskapet

1.1. Det må ikke gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet sin art eller karakter. I dette medrekna:

- a) oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, veg, parkerings- og rastepllassar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak, utfylling eller oppfylling av masse, drenering eller tørrlegging, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, framføring av luftleidningar eller røyrgater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, e.l.

Opplistinga er ikke fullstendig.

- b) nydyrkning, treslagsskifte, granplanting, skogreising og snauhogst dersom kvar hogstflate er større enn 2 dekar, er forbode. Det er forbode å felle særmerkte og dekorative tre, gaddar og daude tre som er med på å prega landskapet, og som er viktig for dyrelivet.

1.2. Reglane i punkt 1.1. er ikke til hinder for:

- a) Vanleg drift av landbruksareala i landskapsvernområdet som ikke bryt med verneføremålet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynt for fedrifta, uttak av skog som motsvarar den årlege tilveksten, hogstflatene som er mindre enn 2 dekar og som ligg meir enn 40 meter fra kvarandre, vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk. Det er ønskjeleg at stølsområda blir haldne i hevd.
- b) Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvalningsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdelsen i einskilde område.

1.3. Når verksemda kan skje utan at det stir mot føremålet med vernet kan forvalningsstyresmakta eller den forvalningsstyresmakta gje fullmakt, på nærmare vilkår gje løyve til:

- a) Endring, ombygging eller utviding av vegar, bygningar og andre eksisterande anlegg. For restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må eventuelle løyve gjevast i samråd med fylkeskonservatoren.
- b) Nydyrkning, oppføring av bygningar og anlegg tilknytta landbruksdrift når planane er godkjende i samråd med landbruksstyresmakta.

- c) Snauhogst, treslagskifte, skogreising eller anna skogdrift når planane er godkjende i samråd med landbruksstyresmakta.
- d) Bygging av jakt-, fiskebuer o.l. som sikrar ein god næringsmessig utnytting av jakt, fiske og andre utmarksressursar.
- e) Bygging av hytter o.l. som er ein del av turløypenettet i fjellet.
- f) Etablering av nye stiar og løyper.

2. Plantelivet

- 2.1. Bergjunker og plantesamfunn med denne arten er verna mot skade og øydelegging som ikkje følgjer av tradisjonell bruk av området til landbruk, vanleg ferdsel, jakt og fiske.

3. Motorferdsel

- 3.1. Motorisert ferdsel i utmark og i vassdrag, flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode.

- 3.2. Reglane i punkt 3.1. er ikkje til hinder for:

- Motorferdsel, dersom marka er så frozen at køyretyet ikkje gjer skade, i samband med person- og godstransport i jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og bærsanking blir her ikkje rekna som næring), og transport til og frå turisthytter av mat, utstyr og søppel. Forvaltningsstyresmakta kan innføre meldeplikt for køyring i utmark.

- 3.3. Når verksemda kan skje utan at det stirr mot føremålet med vernet kan forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gje fullmakt, på nærmere vilkår gje løyve til:

- Motorferdsel i utmark og i vassdrag og landing med luftfartøy.

- 4. Større organisert arrangement og annan aktivitet**
 - 4.1. Større organisert arrangement er forbode.**
 - 4.2. Reglane i punkt IV er ikke til hinder for:**
 - Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsøyemed. Vanleg vedlikehald og drift av kraftliner og -installasjonar.
 - 4.3. Forvalningsstyresmakta eller den forvalningsstyresmakta gje fullmakt kan gje løyve til større organisert arrangement.**

V

Forvalningsstyresmakta eller den forvalningsstyresmakta gje fullmakt, kan setje i verk tiltak for å fremje føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningsliner for gjennomføring av tiltak når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving.

VI

Forvalningsstyresmakta eller den forvalningsstyresmakta gje fullmakt, kan gjere unntak frå vernereglane for vitskaplege granskinger, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller i særskilde høve når det ikke strir mot føremålet med vernet.

VII

Forvaltninga av forskrifa er lagt til fylkesmannen i Rogaland.

VIII

Desse fredningsforskriftene tek til å gjelde straks.

Forskrift om vern av Holmavassåno biotopvernområde i Suldal kommune, Rogaland fylke

I

I medhald av Lov om viltet av 29. mai 1981 § 7, 2.ledd er eit område i Suldal kommune verna som biotopvernområde ved kongeleg resolusjon av XX.XX.199X under namnet "Holmavassåno biotopvernområde".

II

Området omfattar heile eller delar av følgjande gards- og bruksnummer i Suldal kommune: 67/14, 68/1,16.

Området dekker eit areal på ca. 23 km².

Grensene for verneområdet framgår av vedlagt kart i målestokk 1:62 000, datert Miljøverndepartementet XX.XX.199X. Kart og verneforskrift blir oppbevart i Suldal kommune, hos Fylkesmannen i Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunkt bør koordinatfestast.

III

Føremålet med biotopvernet er å sikre viktige trekkvegar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde.

IV

For biotopvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva, gjer villreinen sitt livsmiljø ringare eller hindre villreinen i å trekke gjennom området, herunder oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, veg, parkerings- og rasteplassar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak eller oppfylling av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureingstilførsler, framføring av luftleidningar eller røyrgater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, e.l.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

2. Motorisert ferdsel i utmark, flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode.
3. Større organisert arrangement er forbode.

V

Reglane i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemnd og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsøyemed. Vanleg vedlikehald og drift av kraftliner og -installasjonar.
2. Vanleg drift av landbruksareala i biotopvernområdet som ikkje bryt med verneføremålet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynt for fedrifa og vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk.
3. Motorferdsel, dersom marka er så frosen at køyretyet ikkje gjer skade, i samband med person- og godstransport i jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og bærskaping blir her ikkje rekna som næring), og transport til og frå turisthytter av mat, utstyr og søppel. Forvaltningsstyresmakta kan innføre meldeplikt for køyring i utmark.
4. Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvaltningsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdselen i einskilde område.

VI

Når verksemda kan skje utan at det stirr mot føremålet med vernet, kan forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gje fullmakt, på nærmere vilkår gje løyve til:

1. Endring, ombygging eller utviding av vegar, bygningar og andre anlegg. For restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må eventuelle løyve gjevast i samråd med fylkeskonservatoren.
2. Bygging av jakt-, fiskebuer o.l. som sikrar ein god næringsmessig utnytting av jakt, fiske og andre utmarksressursar.
3. Etablering av nye stiar og løyper.
4. Motorferdsel i utmark og landing med luftfartøy.
- 5-. Større organisert arrangement.

VII

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gje fullmakt, kan gjere unntak frå vernereglane for vitskaplege granskinger, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller i særskilde høve når det ikkje stirr mot føremålet med vernet.

VIII

Forvaltninga av forskrifta er lagt til fylkesmannen i Rogaland.

IX

Desse fredningsforskriftene tek til å gjelde straks

Grensebeskriving

Kvanndalen landskapsvernområde, Suldal kommune, Rogaland

Grensebeskrivinga er basert på kartverk M711, kartbladene 1314 II Suldalsvatnet utgitt 1968, 1414 III Breive utgitt 1970, 1414 IV Haukelisæter utgitt 1969 og økonomisk kartverk AWX042, AWX041, AWX040, AWX039, AW 039-5-1, AW 040-5-3, AV 040 etter fotogrammer fra 1978. UTM-koordinatene er målt på M711-karta.

Der ikkje anna er skrive, følgjer grensa rette liner mellom punkta.

- Pkt. 1. UTM LM937198
Klovsteinane, knekkpunkt i fylkesgrensa mot Telemark.
- Pkt. 2. UTM LM929195
Høgde 1186,8 (øk. kart) 130 m SV for høgde 1179 (M711) mellom Litlavatnet og Holmavatnet.
- Pkt. 3. UTM LM922186
Høgde 1257 på Endanuten.
- Pkt. 4. UTM LM917180
Høgde 1227 på Endanuten.
- Pkt. 5. UTM LM919166
Høgde 1053 N for Sandvatnet.
- Pkt. 6. UTM LM888163
Knekpunkt i eigedomsgrensa mellom 68/1 og 68/3,5 (øk.kart) 90m NNV for Havrevassnibba (1110 m).
- Pkt. 7. UTM LM875168
Høgde 1012 (indre Grønhovden på øk. kart).
- Pkt. 8. UTM LM869167
Høgde 998 (heimre Grønhovden på øk. kart).
- Pkt. 9. UTM LM856177
Høgde 654 (øk. kart.) på nes nord i Kvanndalsdammenn.
- Pkt. 10. UTM LM834196
Melsnuten (1574 m, trig. pkt).
- Pkt. 11. UTM LM841207
Høgdepunkt 1386 i skaret NV for Flesekvelvane (i eigedomsgrensa mellom 68/1 og 64/1).

- Pkt. 12. UTM LM850213
Høgde 1489 NA for pkt. 11.
- Pkt. 13. UTM LM875235
Høgdepunkt 1615 på Trollaskeinutane.
- Pkt. 14. UTM LM874247
Høgdepunkt 1515 i Ikasteskaret.
- Pkt. 15. UTM LM884252
Høgde 1607 på Ikastenuten (trig. pkt.).
- Pkt. 16. UTM LM891261
Høgdepunkt 1340 i Bakkalegskaret (knekkpunkt i eideomsgrensa mellom 68/1 og 64/1).
- Pkt. 17. UTM LM902269
Utlaupsosen SA i Kvanndalstjørna.
- Pkt. 18. UTM LM892272
Utlaupsosen / utsprengt kanal V i Kvanndalstjørna.
- Pkt. 19. UTM LM893284
Lite vatn på fylkesgrensa mot Hordaland vest for sti.
- Pkt. 17. UTM LM932289
Høgde 1647 på Kistenuten i fylkesgrensa mot Hordaland og Telemark.
- Pkt. 18. UTM LM939268
Vassdalseggi (1658 m, trig. pkt.) i fylkesgrensa mot Telemark.
- Pkt. 19. UTM LM941213
Fitjarnuten (1504 m, trig. pkt.) i fylkesgrensa mot Telemark.

Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune, Rogaland

Grensebeskrivinga er basert på kartverk M711, kartbladene 1313 I Blåfjell utgitt 1968, 1314 II Suldalsvatnet utgitt 1968, 1413 IV Botsvatn 1970, 1414 III Breive utgitt 1970, turkart Suldal - Setesdalheiene utgitt 1989 og økonomisk kartverk AWX039, AW 039-5-3, AW 038-5-1, AV 038, AV 037, AU 037-5-4, AT 036-5-2 etter fotogrammer frå 1978. UTM-koordinatene er målt på M711-karta.

Der ikkje anna er skrive, følgjer grensa rette liner mellom punkta.

- Pkt. 1. UTM LM929144
Grensestein (øk. kart) i knekkpunkt i fylkesgrensa på Storhedderfjelli.

- Pkt. 2. UTM LM914131
Høgde 1143 A for Reinskvelven.
- Pkt. 3. UTM LM892139
Austre Brøstruva (1208 m, trig. punkt).
- Pkt. 4. UTM LM855143
Grensestein i eigedomsgrensa mellom 67/3 og 68/2,4 (øk. kart) 850 m NV for Havrenosnibba.
- Pkt. 5. UTM LM851126
Vassinntaket i Bleskestadåno.
- Pkt. 6. UTM LM835114
Høgde 1028 VNV for Loftsnuten.
- Pkt. 7. UTM LM831110
Høgde 1057.
- Pkt. 8. UTM LM819102
Høgde 1103 Stordalshetta.
- Pkt. 9. UTM LM806094
Høgde 1121 V for Vendingsheia.
- Pkt. 10. UTM LM800087
Høgde 1106 Kvednanuten (øk. kart) A for Kvannibba.
- Pkt. 11. UTM LM785077
Høgde 1080 A for Stemvatnet.
- Pkt. 12. UTM LM792064
Vassinntaket i Gaukstølsåno.
- Pkt. 13. UTM LM791049
Tjønn 450 m NV for Jonsstøl.
- Pkt. 14. UTM LM782038
Høgde 945, Åmjødlonuten.
- Pkt. 15. UTM LM753055
Høgde 948 V for Mosvatnet
- Pkt. 16. UTM LM730051
Høgde 859 Reinskvelven.
- Pkt. 17. UTM LM722042
Høgde 860 N for Dørlevatnet.

- Pkt. 18. UTM LM706031
Høgde 1040 Børo.
- Pkt. 19. UTM LM707018
Dyrskardnuten (1272 m, trig. punkt).
- Pkt. 20. UTM LM732014
Botnanutane (1272 m, trig. punkt).
- Pkt. 21. UTM LL737989
Høgde 1230 N for Kaldagjuvet.
- Pkt. 22. UTM LL735984
Høgde 1254 S for Kaldagjuvet.
- Pkt. 23. UTM LL693960
Høgde 1045 (trig. punkt) N for Grunnevassfossen.
- Pkt. 24. UTM LL701912
Fagerstølsnuten (1090 m).
- Pkt. 25. UTM LL702905
Kjelkanut (1138).
- Pkt. 26. UTM LL728893
Høgde 1157 N for Øvre Moen.
- Pkt. 27. UTM LL742884
Høgde 1052 V for Odden.
- Pkt. 28. UTM LL752882
Odden (1213 m, trig. punkt).
- Pkt. 29. UTM LL767881
Høgde 1217 A for Odden.
- Pkt. 30. UTM LL777891
Høgde 1175 V for Slettedalen.
- Pkt. 31. UTM LL788902
Høgde 1108 mellom dei to dammane N i Blåsjømagasinet.

Frå dette punktet går grensa for landskapsvernrådet langs vegen til nordre dam i i Blåsjømagasinet / Skrevatnet og følgjer HRV for Blåsjømagasinet A til fylkesgrensa mellom Rogaland og Aust-Agder og vidare langs fylkesgrensa fram til pkt. 1.

Holmavassåno biotopvernområde, Suldal kommune, Rogaland

Grensebeskrivinga er basert på kartverk M711, kartblad 1414 III Breive utgitt 1970 og økonomisk kartverk AXY 039040, AWX 040 OG AWX 039 etter fotogrammer fra 1978. UTM-koordinatene er målt på M711-karta.

Der ikkje anna er skrive, følgjer grensa rette liner mellom punkta.

- Pkt. 1. UTM LM937198
Klovsteinane, knekkpunkt i fylkesgrensa mot Telemark.
- Pkt. 2. UTM LM929195
Høgde 1186,8 (øk. kart) 130 m SV for høgde 1179 (M711) mellom Litlavatnet og Holmavatnet.
- Pkt. 3. UTM LM922186
Høgde 1257 på Endanuten.
- Pkt. 4. UTM LM917180
Høgde 1227 på Endanuten.
- Pkt. 5. UTM LM919166
Høgde 1053 N for Sandvatnet.
- Pkt. 6. UTM LM935147
Høgde 1294 i fylkesgrensa mot Aust-Agder på Storhedderfjelli.
- Pkt. 7. UTM LM951155
Storheddernuten (1402 m, trig. punkt i fylkesgrensa).
- Pkt. 8. UTM LM984159
Fisketjørnnuten (1234 m, i fylkesgrensa).
- Pkt. 9. UTM LM993161
Utnaupsosen i Fisketjørn, Fiskebekk (i fylkesgrensa).
- Pkt. 10. UTM LM994163
Innlaupsosen i Holmavatnet, Fiskebekken (i fylkesgrensa mot Aust-Agder).
- Pkt. 11. UTM LM983173
Liten holme (1359.6 m, øk. kart) SA for Høgeholmen (i fylkesgrensa mot Telemark).
- Pkt. 12. UTM LM973181
Høgeholmen (øk. kart, 1086m, grensestein i fylkesgrensa).

Registreringar gjort i området

VERNEVERDIGE OMRÅDER I RYFYLKEREIONEN

Regionplankontoret for Ryfylke 1978.

K1, Friluftsliv.

- k1/b17. Mostøl, eit område med fleire brukarinteresser. Framføring av anleggsvei vil føre til oppdyrkning av myrarealer. P2.
- k1/b18. Bleskestadmoen, låghei med bjørkeskog med tilgjenge til høghei. Stavanger turistforening har hytte som er godt utgangspunkt for fotturar i Ryfylkeheiane. P2.
- k1/b19. Sentralsonen, større fjellområde som ein må sjå samla då det er av interesse å oppretthalde heilskapen i landskapet og å halde åpne "korridorane" i det aksesystemet som blir omtalt i Fjellplanen og Fylkesplanen. Enkelte deler av dette området er svært viktig m.o.t. forturisme. P2.
- k1/b20. Strandalen, tradisjonsrikt område for fotturisme kring Strandalsvatnet. Den einaste av dei eldre turisythyttene som ikkje har kraftutbyggingsinngrep i nærheten. P2.

K2, Naturvern, grunnforhold, hydrologi, vegetasjon, landskapskarakter.

- k2/b3. Smørslagjo. rasblokk med dærprege formasjoner. P2. fjellknatt med overheng til alle sider.
- k2/b8. Raudnuten, fjellsida aust for Mosvatn i Bråteit. Floristisk interessant område. Fleire sjeldne artar. P2.
- k2/b17. Strandalsvatnet, austsida. Fyllitt-fjellsida og knauser. Mykje Bergjunker og elles mange kravfulle artar. P2.
- k2/b21. Snønen, ein av dei høgaste og mest frittliggende fjelltopper i fylket. P2.
- k2/b32. Napen, kjent og karakteristisk landskapsformasjon (1350 m.o.h.). P2.
- k2/b33. Strandalen, sjeldan fyllittlandskap. P2.
- k2/b34. Mostølområdet, samansatt av fleire landskapsbilete. Stølvollar, uteslåtter, lauvskog, barskog, mur, stille og rennande vatn. Dese komponentane er fint samstemde og gir eit variert og spenande landskap. P2.
- k2/b37. Vassdalseggi, m Kvanndalen, høgaste toppen i Rogaland. P2.
- k2/b39. Såta, fjelltopp, utsiktsplass. P2.

K3, natutvern, dyreliv.

k3/b1. Steinstølvatnet, Kvilldalsdalen, beverkoloni, bever er sjeldan dyreart i Rogaland.
Vatnet er berørt av oppdemming.

Villreinområde og trekkveger.

K4, synlege fornminner.

Ved Holmavatn, dyregrav og heller. P3.
Mellom Holmavatn og fisketj., dyregrav P3..
Ved Gravetjørnnuten., dyregraver. P3.
Ved Nøvletj., dyregraver. P3.
Ved Skreiv., dyregrav. P3.

k5, ikkje synlege fornminne frå steinbrukande tid.

Funn ved Sandvatn, desse kjem frå buplassar som er granska og fjerna.

K6, kulturminner frå nyare tid.

k6/b13. Jonsstøl, støl, gammle stølshus. P3.

k6/b19. Steinkilen, jakthytte, jordhytte. P2.

k6/b20. Prostølen, fleire gammle stølshus. P3.

k6/b21. Breiavad, jakthytte, jordhytte. P3.

k6/b24. Nystøl, stølsanlegg. P3.

k6/b73. Ferdelsvegar i fjellet, dei markerte vegane er i samsvar med litt.nr.18 Fjellplan
for Setesdal Vesthei, NOU 1974:39. Fleire av ferdelsvegane er nå innarbeidde i
turistforeningen sitt ruteopplegg. P3.

k6/b78. Torshidler. P3.

k6/b80. Brudeled. P2.

k6/b83. Buarkvelven, v/ øvre Moen, heller. P3.

FYLKESPLAN FOR KULTURMINNER I ROGALAND (9/88)

Forslag om særskilte vernetiltak:

P4456: støls- og utmarksområder for gardene Roaldkvam og Jordebrekke, gnr. 65 og 68. Registrerte kulturminner 1983. 4 stoler, 1 ysteri på Jensafeta, lystebu, 1 fjøs, 1 skjul, 8 tufter, 2 vad, 3 bruer. Forslag om vern etter naturvernlova, særskilte vernebestemmelser.

Andre kulturminner:

- P4458: Bråtveitstølene. Stølsdal med flere gamle stølar.
P4458b: Gaukstøl,
P4458c: Skitstøl,
P4458d: Krokvasstøl.
P4460: Jonsstøl, gamle stølshus.
P4461: Steinkilen, jakthytte, jordhytte.
P4462: Prostølen, flere gamle stølshus.
P4463: Breiavad, a) steinbu, b) jakthytte. Forslag om vern etter kulturminnelova, fredning.
P4466: Nystøl, stølsanlegg.
P4479: Bleskestadmoen, stølsområde.
P8002: Torshidler, heller.
P8004: Brudled, steinrekke til minne om to brudefølger som møttes her.

ARKEOLOGISK MUSEUM I STAVANGER 1983a

Registeringer av arkeologiske kulturminner i Kvanndalen i tidsrommene
19-24.06.83 og 31.07-12.08.83.

Registrering av synlige kulturminner og prøvestikking etter steinalderboplasser og andre boplasser fra jernalder og middelalder. (Arkeologiske kulturminner).

Svultanuten: 9 tufter, 7 røyser, 2 hellere, 5 kullgropes, 2 boplasser, 1 dyrkingsspor.

Raudmyr: 2 hellere, 2 kulturlag, 2 kullgropes, 1 boplass, 1 grop/tuft.

Fleso: 1 tuft, ryddet flate (dyrking)?, flate for eit hus?, terasse for eit hus?, steinrekke.

Jensafeta: 8 tufter.

Gjerdeberget: 1 røys.

Bakkaleger: 3 hellere, 4 tufter.

Det er antakelig en del overlapping med lista for kulturminner.

ARKEOLOGISK MUSEUM I STAVANGER 1983b

Registrering av etnologiske kulturminner i Kvanndalen i tidsrommene 21-24.06 og 29-30.09.83 i samband med planar om vasskraftutbygging.

Av kultuminner er det registrert følgende:

Fleso: stølsanlegg med stølshus, løe, do, steinbutuft, ny bru, fundament til Gammelbrua,.

Hidlerberg: støl med stølshus og tuft.

Svultanuten: stakketufter og røyser, 2 stølshus, hustuft, fjøstuft, turisthytte.

Fossaslåtto: hengebru over Kvanndalsåna, utslått og beiteområde, en pram, hustuft, eit vad.

Uførstrondo: utslått og beiteområde, hustuft på sletta sør for Uførestrondo, bearbeida sti/stølsvei, utslått nord for Uførestrondo.

Raudmyr: 2 hustufter.

Jensafeta: støl med mur etter ysteri, ei hytte, mur etter fjøs, tuft, hustuft, steingard/kve, innretning for vasskraftutnytting.

Bakkaleger: tuft etter støl.

Midvik: stølstuft og heller

INNBERETNING OM PRØVESTIKKING etter åpne steinalderlokaliteter i øvre del av Kvanndalen i Suldalsheiane sommeren 1983. Bang-Andersen, Sveinung 1983b.

Nær Bakkaleger: åpen boplass.

Notat om fortsatt **REGISTRERING AV KULTURMINNER** innenfor det planlagte magasinområdet i øvre del av Kvanndalen i Suldalsheiane sommeren 1984. Bang-Andersen, Sveinung 1984.

Området Bakkaleger-Isåna: fjøstuft og tuft etter stølssel.

Ved Gamlastøl: tuft.

På øst sida av elva ved Jensafeta: en hidler.

OPPLYSNINGER OM KULTURMINNER OG BERGKRISTALLOKALITETER
diverse steder i Suldal- og Bykleheiane. (Rogaland, Aust-Agder og Telemark fylke). Bang-
Andersen, Sveinung 1974.

Holmavassåno

- 1 dyregrav og en heller nord for Gravatjønnuten (lok.6).
- 1 bogastille sør for Holmavassåno (lok.4).

Holmavassåno/Kvanndalen

- 2 dyregraver (lok.7) og 2 bergkrystallforekomster (lok.21) ved Djupetjørna.

Dyraheio

- 1 dyregrav nord for Fisketjørn (lok.2).

KULTURMINNER I DYRAHEIO

Samanfatning av arkeologiske registreringer utført 1972-1979 i Suldal-, hjelmeland- og Bykleheiane i Rogaland og Aust-Agder som ledd i Ulla/Førre-undersøkelsene. Arkeologisk museum i Stavanger, Stavanger, Norway. Bang-Andersen, Sveinung 1983. AmS-Varia 12.

- 1 teltring i Kyrkjesteindalen (lok.39).
- 1 hidler ved kykjesteindalen (lok.37).

Kjetilstaddalen

- 1 tuft ved Langavatnet (lok.40).
- 1 hidler ved Nystølen (lok.41).
- 1 tuft ved Prostølen (lok.121).
- 2 trekullkonsentrasjoner, 3 tufter og en grop ved Prostølen (lok.3 og 4).
- 3 trekullkonsentrasjoner (lok.129, 130, 131), 1 tuft (lok.132), i hidler (lok.130) i Stranddalen.
- 1 bergkrystallforekomst i Stranddalen (lok.20, UFU AmS 78)

Ved Krossvatnet

- 2 bogastille (lok.188, 191).
- 3 dyregraver (lok. 189, 190, 192).
- 1 hidler (lok.191)
- 1 bogastille ved Djuphola (lok.193).
- 3 hidlere ved Kaldavadet (lok.38).
- 1 hidler ved Dyrlaupskvelven (lok.14).
- 1 dyregrav nord for Hellevatnet (lok.178).

SEFRAK-REGISTRERINGER

(Sekreteriatet for registrering av faste kulturminner i Norge).

Gaukstøl gardsnummer 57, bruksnummer 1.

mjølkebu (1134/004/009): tørrmur, lafteverk, vertikalt trepanel med over- og underliggende bord, saltak med torv,

Skitstøl 56/1, 2 og 3.

stølshus (1134/004/062): tørrmur/betong, lafteverk og bindingsverk, supanel og vertikale over- og underliggerbord, torvtekt saltak,

løe (1134/004/063): tørrmur/jordgolv, lafteverk og bindingdverk, vertikale over- og underliggerbord, torvtekt saltak

stølshus (1134/004/064): tørrmur, delvis kryprom, supanel og vertikale over- og underliggerbord, torvtekt saltak,

løe (1134/004/065): tørrmur og trevirke rett på bakken, jordgolv, bindingverk, vertikale over- og underliggerbord, torvtekt saltak, bygd ca. 1930

løe (1134/004/066): tørrmur og trevirke rett på bakken, jordgolv, lafteverk, torvtekt saltak,

Krokkvasstøl 56/1, 2 og 3.

løe (1134/004/057): tørrmur, fjøs under, bindingdverk, låvepanel og vertikal over- og underliggerbord, satak tekt med torv,

stølshus (1134/004/058): tørrmur, lafteverk og bindingsverk, supanel, delvis uten kledning, bølgeblekk og saltak tekt med torv,

stølshus (1134/004/059): tørrmur, lafteverk og bindingsverk, supanel og vertikalt over- og underliggerbord, saltak tekt med torv

løe (1134/004/060): tørrmur, kjeller, lafteverk og bindingdverk, supanel og vertikalt over- og underliggerbord, torvtekt saltak.

Jonsstøl 57/1 og 2.

stølshus (1134/004/008): tørrmur åpent kryprom, lafteverk og bindingsverk, vertikalt trepanel over- og underliggerbord, saltak med torv,

ei nyare hytte med betongmur, lafta plank, supanel, torvtekt saltak, eit uthus med tørrmur, vertikal trepanel, bølgeblekktak, ei hytte med tilbygg, tørrmur og stein- og trepilarar, saltak med torv.

Reinskvelven, 54/1 og 2.

Nyastøl, 54/1 og 2.

stølshus (1134/004/055): tørrmur, kryperom, lafteverk og bindingsverk, supanel, saltak med torvtekking.

stølshus (1134/004/056): tørrmur, lafteverk og bindingsverk, supanel vertikalt trepanel med over- og underliggende bord, saltak med torvtekking, bygd tidlig på 1800-talet

Kvanndalen

På Fleso er det to uthus med pulttak og bølgeblekk og eit sel (1134/003/040) med tørrmur, konstruksjonen er truleg lafta plank, supanel og vertikale over- underliggerbord, og torvtak, Ein hustuft ligg ved sida av. På økonomisk kartverk er det merka av ein tuft frå jernalder/middelalder.

Ved Hidlerberg er det eit samanrast lafta sel med tilbygg i bindingsverk, over- og underliggendende panel, torvtak og tørrmur.


Jakt/gjeterhytta på Svultanuten (1134/003/038) har tørrmur, lafteverk, supanel og vertikalt trepanel over- og underliggerbord, torvtekt saltak.

DYRAHEIO
LANDSKAPSVERNOMRÅDE

SULDAL KOMMUNE,
ROGALAND

M1:100 000
KART M711 1313 I, 1314 II, 1413 IV, 1414 III

FYLKESMANNEN I ROGALAND JUNI 1992



**KVANNDALEN
LANDSKAPSVERNOMRÅDE**

**HOLMA VASSÅNO
BIOTOPVERNOMRÅDE**

**SULDAL KOMMUNE,
ROGALAND**

M1:62 000
KART M711 1314 II, 1414 III, 1414 IV

FYLKESMANNEN I ROGALAND JUNI 1992

**KVANNDALEN
LANDSKAPSVERNOMRÅDE**

**HOLMA VASSÅNO
BIOTOPVERNOMRÅDE**

